
NOREGS BANKS REPRESENTANTSKAP

RAPPORT FOR 2022

DOKUMENT 9 (2022–2023)



NOREGS BANKS REPRESENTANTSKAP RAPPORT FOR 2022

Dokument 9 (2022–2023)

TIL STORTINGET

Representantskapet skal minst éin gong i året leggje fram for Stortinget ei fråsegn om tilsynet med Noregs Bank.

Denne rapporten presenterer representantskapet sine avgjerder og det gjennomførte tilsynet med verksemda til Noregs Bank for 2022.

Ansvar til representantskapet følgjer av sentralbanklova. Representantskapet skal føre tilsyn med drifta i Noregs Bank og med at føresegnene for verksemda blir følgde. Ei vesentleg oppgåve for Noregs Bank er å forvalte Statens pensjonsfond utland, og det er dermed omfatta av tilsynet. Det skal førast tilsyn med at hovudstyret styrer og kontrollerer administrasjonen og verksemda i banken på ein tilfredsstillande måte, og med at det er etablert formålstenlege rutinar for å sikre at bankverksemda på alle område blir utøvd i samsvar med lov, avtalar, vedtak og anna rammeverk.

Representantskapet har godkjent Noregs Banks årsrekneskap for 2022, som hovudstyret har utarbeidd, og vedteke Noregs Banks budsjett for 2023 etter forslag frå hovudstyret.

Denne rapporten blei godkjend i møte 9. mars 2023.

Oslo, 31. mars 2023

Julie Brodtkorb

leiar i Noregs Banks representantskap

INNHALD

Samandrag og hovudkonklusjon	6
Samandrag av rapporten	7
Hovudkonklusjon	9
1 Tilsynet med Noregs Bank i 2022	10
1.1 Tilsynsoppdraget, mandat og gjennomføring	11
1.2 Representantskapets tilsyn med hovudstyrets styring og kontroll	13
1.3 Tilsyn med oppgåver som er felles for verksemdsområda	19
1.4 Tilsyn med sentralbankverksemda	23
1.5 Tilsyn med forvaltninga av Statens pensjonsfond utland (SPU)	26
1.6 Representantskapet si rolle ved verksemd som er tilknytt Noregs Bank	29
2 Årsrekneskap og budsjett for Noregs Bank	32
2.1 Årsrekneskapen til Noregs Bank	33
2.2 Budsjettet til Noregs Bank	36
3 Andre oppgåver innanfor mandatet til representantskapet	40
3.1 Val av tilsettrepresentantar i hovudstyret	41
3.2 Instruks om risikostyring og internkontroll i Noregs Bank – høyringsinnspel	42
3.3 NOU 2022: 12 Fondet i en brytningstid – høyringsinnspel	42
4 Prioriteringar i det vidare arbeidet	44
5 Slik organiserer Noregs Banks representantskap arbeidet sitt	46
5.1 Organisering av tilsynet	47
5.2 Aktivitetane til representantskapet i 2022	49
5.3 Ressursbruken til representantskapet i 2022	53
5.4 Representantskapsmedlemmene	55

SAMANDRAG OG HOVUDKONKLUSJON

SAMANDRAG AV RAPPORTEN

Representantskapet er eit organ i Noregs Bank som er oppnemnt av Stortinget. Representantskapet fører tilsyn med drifta i Noregs Bank og med at føresegnene for verksemda blir følgde. Oppgåver og ansvar følgjer av lov om Norges Bank og pengevesenet mv. (sentralbanklova). Tilsynet omfattar òg forvaltinga av Statens pensjonsfond utland (SPU), ei viktig oppgåve for Noregs Bank som skal gjennomførast i samsvar med lov og mandat fastsett av Finansdepartementet.

Hovudstyret er ansvarleg for å styre og drifte verksemda i Noregs Bank og skal sørge for ei forsvarleg og effektiv organisering.

Representantskapet legg gjennom denne rapporten fram si vurdering av hovudstyrets styring av og kontroll med Noregs Bank for 2022. Prioriteringar i tilsynsarbeidet for 2022 blei omtalte i eit eige kapittel i Dokument 9 (2021–2022).

Hovudstyret har for 2022 behandla åtte periodiske rapportar om operasjonell risikostyring, internkontroll og etterleving frå dei to verksemdsområda i banken, sentralbankverksemda og kapitalforvaltinga.

Representantskapet har tatt hovudstyret si vurdering av risikosituasjonen og internkontrollen i Noregs Bank for 2022 til etterretning og meiner at det er etablert prosessar og rapportering som oppfyller krava i sentralbanklova, instruks om risikostyring og internkontroll i Noregs Bank og mandat for forvaltinga av Statens pensjonsfond utland.

Slik er den oppsummerande vurderinga til hovudstyret:

- Internkontrollen i Noregs Bank er gjennomført på ein tilfredsstillande måte.
- Den utrekna operasjonelle risikoeksponeringa i kapitalforvaltinga har gjennom året vore innafør risikotoleransen hovudstyret har definert.
- Den operasjonelle risikoeksponeringa i sentralbanksjefen sitt ansvarsområde har gjennom året vore akseptabel.
- Samansetting og kompetanse i styret gir grunnlag for å ta hand om krava i forskrifta på ein god måte.

Det er gjort fleire endringar i det overordna styringsrammeverket for Noregs Bank i 2022. Finansdepartementet har oppdatert instruks om risikostyring og internkontroll for Noregs Bank, og her gav representantskapet ei høyringsfråsegn. Hovudstyret har gjort endringar i stillingsinstruksane til sentralbanksjefen og dagleg leiar av Norges Bank Investment Management (NBIM).

I behandlinga av dei framlagde stillingsinstruksane peikte representantskapet særleg på kor viktig det er at ansvarsforholdet mellom hovudstyret, sentralbanksjefen og dagleg leiar av NBIM er tydeleg og klart, spesielt når det oppstår ei krise.

For HR har hovudstyret etablert nye prinsipp, mens for risikostyring og internkontroll, sikkerheit, økonomistyring, ansvarleg forvalting, etiske prinsipp og godtgjersle er etablerte prinsipp oppdaterte og justerte. Berekning av godtgjersle for tilsette i NBIM har vore tema i representantskapsmøte fleire gonger i 2022. Ved behandling av dei oppdaterte prinsippa var representantskapet opptatt av omdømmet til Noregs Bank, korrekt lov- og regelverksforståing, budsjettkonsekvensar og behovet for openheit i samband med ordningane. Det er òg gjennomført eit attestasjonsoppdrag om godtgjersleordningane i Noregs Bank der ein konkluderer med at praktiseringa i det alt vesentlege er i samsvar med verdipapirfondforskrifta og mandatet for forvaltinga av SPU § 5-2.

Noregs Bank arbeider systematisk for å oppnå kjønnsbalanse og har som mål å oppnå minimum 40 prosent av kvart kjønn for banken sett under eitt. Ved utgangen av 2022 hadde Noregs Bank ein kvinneandel på 35 prosent. Hovudstyret skriv i årsrapporten at ein ikkje er nøgd med den samla kvinneandelen og vil følgje arbeidet med å nå måltalet tett.

I faste rapporteringar er det meldt om at delar av organisasjonen over tid har hatt høg arbeidsbelastning, og at det i dagens arbeidsmarknad er ein risiko for at ein ikkje klarer å rekruttere og halde på den nødvendige kompetansen. Representantskapet har stilt spørsmål og fått utgreiingar om utfordringane knytte til ressursituasjonen. Lønnsnivå og andre forhold som er viktige for dei tilsette, var òg eit tema som representantskapet var oppteke av.

Alle planlagde tilsynsgjennomgangar for 2022 er gjennomførte.

I 2021 engasjerte representantskapet konsulentfirmaet Mercer Sentinel til å vurdere Noregs Bank si styring av den operasjonelle risikoen i verksemda, basert på erfaring med kva som blir rekna som god marknadspraksis. Hovudkonklusjonen var at Noregs Bank har operasjonelle prosessar som reflekterer storleiken og kompleksiteten til banken. Det blei identifisert enkelte område der det blir tilrådd tiltak for å redusere den operasjonelle risikoen. I 2022 er det gjort ei nærmare undersøking som spesifikt rettar seg mot IT-system og kontrollar. Hovudkonklusjonen i årets rapport er at det ikkje er identifisert nokon vesentlege manglar verken i sentralbankverksemda (SBV) eller NBIM sine IT-prosessar, prosedyrar eller kontrollar.

Representantskapet har også drøfta kontantar som betalingsmiddel for å sikre at Noregs Bank og hovudstyret oppfyller krava om ei effektiv kontantsforsyning slik sentralbanklova krev. Gjennomgangen viser kor viktig det er at Noregs Bank sjølv har tilsette med kompetanse på dette området.

Det er gjort ein tilsynsgjennomgang om kostnads-effektivitet i kapitalforvaltninga og ein gjennomgang av NBIM sin bruk av eksterne porteføljeforvaltarar. Begge rapportane er sende til hovudstyret for tilbakemeldingar. På grunn av fristar og møteplanar vil svaret frå hovudstyret først kunne behandlast i representantskapsmøtet i juni 2023, og det vil derfor bli omtalt nærmare i Dokument 9 (2023–2024).

Representantskapet har fått og behandla to årlege attestasjonsfråsegner frå ekstern revisor om statens kontoar i Noregs Bank og om rekneskapsføring og betalingar i statsgjeldsforvaltninga. Desse er tatt til etterretning og vidaresende til Finansdepartementet.

Representantskapet har følgd hovudstyret si oppfølging av arbeidsavtalen med dagleg leiar av NBIM i tråd med Innst. 590 S (2020–2021). Det er registrert eitt brot på interne retningslinjer. Etterlevingseininga til NBIM vurderer brotet som ubetydeleg. Representantskapet har fått ei orientering i møte og har på dette grunnlaget tatt hovudstyret si årlege oppfølging av arbeidsavtalen for dagleg leiar av NBIM til etterretning.

I samband med halvårsrapporteringa (per 30.6.) blei det rapportert om høgare lønnsvekst i NBIM enn budsjettet. I representantskapet er ein opptatt av å bli orientert om viktige endringar i dei underliggende premissane for det vedtatte budsjettet gjennom året. Ei slik orientering skal gjerast utan unødig opphald.

Representantskapet har vedtatt Noregs Bank sitt budsjett for 2023 etter utarbeiding og forslag frå hovudstyret. Representantskapet har protokollert at ein vidare vekst i talet på tilsette og i driftskostnader i etterfølgjande budsjett og utover det som blir budsjettet for 2023, vil kreve særlege utgreiingar og kost/nytte-vurderingar. I protokollen er det vidare gitt uttrykk for at representantskapet er opptatt av kostnadseffektivitet og utnytting av stordriftsfordelar, spesielt i ein periode i norsk økonomi som er prega av uvisse for mange bedrifter og lønns-takarar.

Representantskapet har behandla årsmeldinga til hovudstyret for Noregs Bank og godkjent årsrekneskapskapen for 2022, som hovudstyret har utarbeidd. Meldinga frå ekstern revisor er tatt til etterretning. Noregs Bank sin eigenkapital var på 270 milliardar kroner per 31. desember 2022, mot 289 milliardar kroner per 31. desember 2021. *I tråd med retningslinjene for avsetjing og disponering av overskotet til Noregs Bank blir det overført 8 milliardar kroner til statskassa.*

Noregs Banks årsrapport om forvaltninga av Statens pensjonsfond utland i 2022, inkludert hovudstyret si vurdering av resultatata og melding frå revisor, er tatt til etterretning av representantskapet.

Det er geopolitisk uvisse og krav om å vere enno meir årvaken i samfunnet generelt. I tilsynsarbeidet er det føresett at representantskapet har nok kunnskap til å kunne følge med på at Noregs Bank tar utviklinga inn i vurderingane sine når det gjeld planar for og drift av verksemda. Representantskapet har mellom anna på bakgrunn av dette bestemt at beredskap skal vere hovudtemaet i tilsynsarbeidet for 2023. I år vil undersøkingane famne breitt og omfatte beredskap mot fysiske kriser, finansielle kriser og uvanlege marknadshendingar. I tillegg vil etterleving av regulatoriske krav, og budsjett og måloppnåing få særleg merksemd og inngå i det løypande tilsynsarbeidet.

HOVUDKONKLUSJON

Noregs Banks representantskap skal minst éin gong i året leggje fram for Stortinget ei fråsegn om tilsynet med Noregs Bank.

Representantskapet har for 2022 fått all informasjon det har bedt om. Det er ikkje avdekt forhold som gir grunnlag for særskilde merknader i tilsynet.

Alle protokollar frå hovudstyret og komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet er lagde fram for representantskapet i samsvar med sentralbanklova. Protokollane frå komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet er tekne til orientering.

Basert på tilsynsarbeidet til representantskapet er vurderinga at styring av og kontroll med Noregs Banks administrasjon og verksemd er utøvd i samsvar med krav i sentralbanklova, instruks om risikostyring og internkontroll i Noregs Bank og dessutan mandat for forvaltinga av Statens pensjonsfond utland. Det er etablert formåls-tenlege rutinar som sørgjer for at verksemda blir utøvd i samsvar med lover, avtalar, vedtak og rammeverk elles.

KAPITTEL 1

TILSYNET MED NOREGS BANK
I 2022

Representantskapet er oppnemnt av Stortinget for å føre tilsyn med Noregs Bank. Sentralbanklova krev at representantskapet skal gi Stortinget ei vurdering av korleis hovudstyret styrer og kontrollerer administrasjonen og verksemda i banken, og ei orientering om gjennomførte tilsynsaktivitetar generelt og om kapitalforvaltninga spesielt. Dette kapitlet tar for seg tilsynsoppdraget til representantskapet og gjennomføringa av tilsynet av Noregs Bank.

1.1 TILSYNSOPPDRAGET, MANDAT OG GJENNOMFØRING

MANDAT OG RAMMER FOR TILSYNSOPPDRAGET

Representantskapet er eitt av tre organ i Noregs Bank etter lov om Norges Bank og pengevesenet mv. (sentralbanklova) § 2-1: «*Norges Bank skal ha et hovedstyre, en komité for pengepolitikk og finansiell stabilitet og et representantskap.*»

Det overordna rammeverket for Noregs Bank i tillegg til sentralbanklova er instruks om risikostyring og intern kontroll i Noregs Bank (internkontrollinstruksen) og mandat for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland (SPU) (mandatet for SPU), som er fastsett av Finansdepartementet.

Tilsynet omfattar bankdrifta og at føresegnene for verksemda blir følgde, og er særleg retta mot at hovudstyret har tilfredsstillande styring av og kontroll med bankadministrasjonen og bankverksemda. Det skal òg førast tilsyn med at det er etablert formålstenlege rutinar for å sikre at bankverksemda blir utøvd i samsvar med lov, avtalar, vedtak og rammeverk elles.

Alle hovudstyreprotokollane skal sendast til representantskapet. Hovudstyreprotokollane er det øvste nivået av dokument det blir ført tilsyn med. Som ein del av saksbehandlinga i møta kan representantskapet be om utdjupingar av innhaldet i protokollane. Gjennom tilsynet er det eit mål å kunne bidra til at hovudstyret etablerer gode prosessar og kontrollrutinar. Dette oppnår ein særleg ved å sikre at vedtak som representantskapet har fatta i tråd med rolla si, blir behandla og vurderte av hovudstyret.

I forretningsordenen til komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet (komiteen) går det fram at komiteen «har ansvaret for Norges Banks utøvende og rådgivende myndighet i pengepolitikken og har ansvar for bruken av virkemidler for å nå målene i pengepolitikken. Komiteen

skal bidra i arbeidet med å fremme finansiell stabilitet gjennom rådgiving og bruk av de virkemidler den har til rådighet». Representantskapet får protokollar frå komiteen til orientering, men uttaler seg ikkje om behandlinga og vedtaka.

Tilsynet til representantskapet omfattar heller ikkje hovudstyret eller komiteen si utøving av skjønnsmyndighet. Tilsynet med drifta vil likevel kunne omfatte prosessar og dokument i Noregs Bank som dannar eit grunnlag for rådgiving og skjønnsutøving. Representantskapet blir orientert om arbeidet Noregs Bank gjer på desse områda.

INSTRUKS OM INTERNKONTROLL OG RISIKOSTYRING

Då sentralbanklova blei vedteken i 2019, blei den gjeldande forskrifta om risikostyring og internkontroll frå 2009 vidareført. Finansdepartementet fann i 2022 at det var grunn til å oppdatere enkelte føresegner, og ein ny instruks, internkontrollinstruksen, tok til å gjelde 1. juli 2022. Den nye instruksen er fastsett med heimel i sentralbanklova.¹

Representantskapet sende høyringsbrev til departementet der det blei lagt vekt på at ansvaret til hovudstyret etter sentralbanklova og særleg innanfor verksemdsstyring, kontroll og etterleving må varetakast i ny instruks, sjå kapittel 3.2.

Hovudstyret sitt overordna ansvar for styring og drifta av Noregs Bank, slik det kjem fram av sentralbanklova, er uendra. Tilsvarande inneber presiseringar i den nye instruksen inga endring i representantskapet sitt ansvar for å føre tilsyn etter sentralbanklova § 2-17.

KRAV TIL REELT OG UAVHENGIG TILSYN

Representantskapet skal samla sett ha kompetanse over eit vidt spekter av fagområde. Noregs Bank har omfattande og kompliserte samfunnsoppdrag. Representantskapet legg vekt på kunnskap om verksemda, hentar inn vurderingar som er uavhengige av Noregs Bank sine egne styrande og kontrollerande organ, og rapporterer direkte til Stortinget. Dokumentasjonen som utgjør grunnlaget for vedtak i representantskapet, kan vere omfattande og tidkrevjande å setje seg inn i. Det er avgjerande for saksbehandlinga at informasjonen gir eit tilstrekkeleg dekkjande og korrekt bilete. Medlemmene må dessutan få informasjon tidleg nok til å kunne førebu seg godt til møta, slik at saksbehandlinga blir så effektiv som mogleg. Saksvolum og knapp møtetid kan bidra til at spørsmål som er relevante i tilsynsarbeidet ikkje blir stilte, og at

saker i realiteten ikkje blir behandla. Langvarige og komplekse prosjekt i Noregs Bank, internasjonalisering av samfunnet, krav til digitalisering og krav til god ressursutnytting aukar òg krava til saksbehandlinga i representantskapet.

For at representantskapet skal kunne ha eit så rett risikobilete som mogleg, er det avgjerande at all informasjon om verksemdsstyring, etterleving og internkontroll er heilskapleg, tydeleg og tidsriktig. Representantskapets rolle og ansvar i Noregs Bank inneber at bankens rapportering, styrings- og risikorammeverk, prosessar og etterleving blir vurderte uavhengig av styret, leiinga og banken sine egne kontrolleringar.

GJENNOMFØRING AV TILSYNET

Arbeidsmetoden og gjennomføringa av tilsynet er utvikla over tid. Representantskapstilsynet med verksemda i Noregs Bank er i første rekkje basert på gjennomgang av protokollar frå hovudstyret, rapportar, notat og andre saksdokument i møta. Avgjerder i enkeltsaker og eventuell oppfølging er omfatta av vidare tilsynsarbeid, i løpande tilsyn eller egne gjennomgangar.

Ein nødvendig føresetnad for gjennomføringa av eit tillitvekkjande tilsyn er uttrykt i sentralbanklova: «Representantskapet har rett til innsyn i alle Norges Banks anliggender og kan foreta de undersøkelser som det finner nødvendig for sine oppgaver etter loven.»

Tilsynet med verksemda til Noregs Bank er basert på representantskapet sine egne vurderingar av risiko og vesentlegheit. I tilsynet blir det lagt vekt på at verksemda i Noregs Bank blir driven etter rammer som er gitt i lover og føresegner, at ressursstyringa er målretta og effektiv, og at den eksterne rapporteringa om verksemda er korrekt og påliteleg. Vidare blir det lagt vekt på både risiko for omdømmetap og finansiell risiko dersom bankverksemda ikkje blir driven i samsvar med gjeldande lover og reglar.


I tilsynet vurderer ein etterleving av lovpålagde oppgåver knytte til verksemdsstyring, internkontroll, arbeidsprosessar og organiseringa av Noregs Bank. Representantskapet må få god informasjon om styrings- og kontrollordningane som sentralbanken har etablert, inkludert omfanget av og kvaliteten på styringsdokument, og dessutan arbeidet til dei interne kontroll- og etterlevingsfunksjonane og internrevisjonen.

Med utgangspunkt i den godkjende årlege tilsynsplanen gjennomfører sekretariatet løpande tilsyn, utgreiingar og tilsynsgjennomgangar på spesifikke område. Gjennom året kan det godkjennast attestasjonsoppdrag som er utførte etter internasjonale revisjonsstandardar, og setjast i gang særskilde undersøkingar dersom det er aktuelt. Representantskapet får rapportar frå tilsynsgjennomgangar og attestasjonsfråsegner.

FIGUR 1 TILSYN, PROSESSFLYT MED RAPPORTERING



FIGUR 2 ORGANISASJONSKART NOREGS BANK, JANUAR 2023



1.2 REPRESENTANTSKAPETS TILSYN MED HOVDSTYRETS STYRING OG KONTROLL

Hovudstyret er ansvarleg for å styre og drifte verksemda i Norges Bank og skal sørge for ei forsvarleg og effektiv organisering. Det skal fastsetje planar og retningslinjer for verksemda til Norges Bank. Innanfor kvart ansvarsområde skal dei daglege leiarane i tråd med føringar frå hovudstyret etablere, gjennomføre og overvake ei forsvarleg risikostyring og ein ditto internkontroll.² Sentralbanksjefen er leiar for hovudstyret.

Banken er organisert med to verksemdsområde, sentralbankverksemda (SBV) og kapitalforvaltinga / Norges Bank Investment Management (NBIM), og dessutan eit fellesområde i Norges Bank Administrasjon (NBA).

I 2022 har det vore endringar i sentralbankleiinga. Kongen i statsråd utnemnde Ida Wolden Bache som sentralbanksjef og leiar for hovudstyret i Norges Bank og komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet frå 1. mars 2022. Ved utnemninga hadde ho alt tatt til i stillinga sidan Øystein Olsen gjekk av med pensjon 28. februar 2022.

Fram til utgangen av august hadde Wolden Bache òg oppgåva som visesentralbanksjef med særleg ansvar for SBV. Pål Longva blei utnemnd som visesentralbanksjef i Noregs Bank frå 29. august 2022. Longva har eit særskilt ansvar for SBV. Øystein Børsum blei utnemnd som visesentralbanksjef i Noregs Bank frå 2. august 2021. Børsum har eit særskilt ansvar for Noregs Bank si oppgåve med å forvalte Statens pensjonsfond utland (SPU). Alle utnemningar gjeld for seks år.

Lova fastset at sentralbanksjefen er dagleg leiar av Noregs Bank. Sentralbanksjefen sine oppgåver som dagleg leiar omfattar «*ikke saker som bare hører under den daglige ledelsen av SPU*».³ Ansvarsområdet til sentralbanksjefen omfattar SBV og NBA. SBV har fire avdelingar: pengepolitikk, finansiell stabilitet, marknader og IT. NBA er eit administrativt område som skal ta seg av administrative fellesfunksjonar og verksemdsovergrepande oppgåver for heile Noregs Bank på vegner av sentralbanksjefen. Det gjeld mellom anna HR, kommunikasjon, fysisk sikkerheit og personellsikkerheit. Sidan det er område som gjeld begge verksemdsområda, blir NBA-oppgåvene behandla for seg i kapittel 1.3.

Hovudstyret har ansvaret for forvaltninga av SPU og tilset ein eigen dagleg leiar av NBIM.⁴ NBIM er organisert med følgjande område: teknologi og drift, eigeoms- og infrastrukturinvesteringar, investeringsrisiko, eigarskap og etterleving, marknadsstrategiar og aksjeinvesteringar. Banken har etablert internasjonale kontor i London, New York, Shanghai og Singapore. I NBIMs eigeomsforvaltning er det dotterselskap i Tokyo, Paris og Luxemburg.

UNDERUTVALA TIL HOVDUSTYRET

Hovudstyret har etablert fire saksførebuaende og rådgivande underutval med eigne mandat, fastsette av hovudstyret: revisjonsutvalet, risiko- og investeringsutvalet, godtgjersleutvalet og eigarskapsutvalet. Utvalsmedlemmene er i stor grad oppnemnde blant dei eksterne styremedlemmene. Representantskapet har fått alle mandata og tatt dei til orientering. Hovudstyret har òg orientert om oppnemningar av medlemmer til utvala.

Revisjonsutvalet (RU) er etablert med tre av dei eksterne hovudstyremedlemmene, i tråd med krav i sentralbanklova. Revisjonsutvalet skal bidra til å styrkje og effektivisere hovudstyret sitt arbeid med oppfølging, tilsyn og kontroll med rekneskapsrapportering, operasjonell risiko, etterleving og systema for risikostyring og internkontroll. Revisjonsutvalet skal mellom anna førebu saker som gjeld planane og rapporteringa til internrevisjonen.

Representantskapet møter leiaren for revisjonsutvalet ein gong i året. Det blir gjort greie for arbeidet til utvalet og synet på risikostyring og internkontroll i Noregs Bank. Det blir òg orientert om hovudstyret sin revisjonsplan for internrevisjonen. Desse møta gir representantskapet innblikk i hovudstyret sitt samla arbeid med risikostyring og internkontroll.

Representantskapet har tatt redegjørelsen fra revisjonsutvalgets leder og hovudstyrets årsplan for internrevisjonen 2023 og langtidsplan for internrevisjonen 2023–2026 til orientering.

Representantskapet følgjer med på hovudstyret sitt arbeid med etterleving av rammes, på at planar blir følgde og mål oppnådde, og på at det er god styring og kontroll på prosessar og funksjonar. Representantskapet følgjer òg med på at Noregs Bank handterer overordna risiko-område som gjeld i samfunnet generelt, og som kan påverke gjennomføringa av oppgåver og måloppnåing i sentralbanken.

DET OVERORDNA STYRINGSRAMMEVERKET TIL HOVDUSTYRET

Det følgjer av sentralbanklova at hovudstyret har ansvar for styring og drifta av Noregs Bank, med unntak av oppgåver som er lagde til komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet (komiteen). Vidare følgjer det av instruks om risikostyring og internkontroll i Noregs Bank at hovudstyret skal «påse at Norges Bank er forsvarlig og effektivt organisert og har hensiktsmessig risikostyring og internkontroll». Etter instruksen skal dei daglege leiarane innanfor kvart ansvarsområde gjennomføre og overvake forsvarleg risikostyring og internkontroll i tråd med føringar frå hovudstyret. Hovudstyret har fastsett prinsipp for risikostyring og internkontroll i Noregs Bank på overordna nivå og vidare for SBV og NBIM.

For styring og klargjering av oppgåver og ansvar er det fastsett ei rekkje interne styringsdokument. Hovudstyret og komiteen har vedteke eigne forretningsordenar. Det er òg etablert eit prinsippdokument om ansvarsfordeling mellom hovudstyret og komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet.

Hovudstyret vedtek felles reguleringar for heile verksemda til Noregs Bank, for internrevisjonen og for kvart enkelt verksemdsområde, men kan òg delegere fastsetjinga av felles regelverk til sentralbanksjefen. Sentralbanksjefen fastset retningslinjer for NBA og SBV. Dagleg leiar av NBIM fastset retningslinjer for kapitalforvaltninga.

ENDRINGAR I STYRINGSRAMMEVERKET TIL HOVDSTYRET I 2022

Rammeverket til hovudstyret blir oppdatert jamleg med bakgrunn i endringar i lov, mandat eller andre rammer for bankverksemda. Justeringar kan òg komme etter påpeikingar og tilrådingar i representantskapet sitt tilsyn. Representantskapet blir orientert om fastsetjinga av nye eller oppdatering av overordna styringsdokument. Det skjer anten ved framlegging av styringsdokumentet eller gjennom etterlevingsrapporteringa. Representantskapet får informasjon om bakgrunn og vesentlege endringar i møta og tar hovudstyret sitt framlagde styringsrammeverk til orientering. I 2022 har det vore fleire endringar i rammeverket til hovudstyret. Stillingsinstruksane til begge dei daglege leiarane er justerte, og fleire overordna prinsipp er justerte.

ENDRINGAR I STILLINGSINSTRUKSAR TIL SENTRALBANKSJEFEN OG DAGLEG LEIAR

I 2022 har hovudstyret gjort justeringar i styringsrammeverket, inkludert i stillingsinstruksane til sentralbanksjefen og dagleg leiar av NBIM. Justeringa blei initiert på bakgrunn av to internrevisjonsrapportar med tema relaterte til styringsmodellen. Finansdepartementet er orientert om forslag til endringar i stillingsinstruksen for dagleg leiar av NBIM. Endringa er i hovudsak ei tydeleggjering av ansvaret og ansvarsdelinga mellom sentralbanksjefen og dagleg leiar av NBIM. Ansvaret for personellikkerheit, personvern og fysisk sikkerheit, som tidlegare var ein del av den daglege leiinga til sentralbanksjefen, blir no delt, slik at dagleg leiar av NBIM har ansvaret for dei områda som kan relaterast til SPU-forvaltninga.

Då saka blei behandla, stilte representantskapet spørsmål om kva for konsekvensar endringane i stillingsinstruksane vil få, også med tanke på strategien om éin bank, og kva i internrevisjonsrapportane som var utslagsgivande for endringane. Representantskapet peikte særleg på kor viktig det er at ansvarsforholdet mellom hovudstyret, sentralbanksjefen og dagleg leiar av NBIM er tydeleg og klart, spesielt når det oppstår ei krise.

Representantskapet tok endringen av stillingsinstrukser for den daglige ledelsen i Norges Bank til orientering.

ENDRINGAR I PRINSIPP FOR RISIKOSTYRING OG INTERNKONTROLL

Ny instruks om risikostyring og internkontroll for Noregs Bank frå Finansdepartementet og endring av ansvaret for sikkerheit i stillingsinstruksane har ført til eit behov for å oppdatere fleire av prinsippdokumenta som hovudstyret har fastsett. Hovudstyret har oppdatert dei overordna prinsippa for risikostyring og internkontroll i Noregs Bank, prinsippa for risikostyring og internkontroll for både sentralbankverksemda og NBIM, og Noregs Bank sine prinsipp for sikkerheit.

I dei felles overordna prinsippa er det berre mindre endringar, og dei er hovudsakleg knytte til den oppdaterte ordlyden i den nye internkontrollinstruksen til Finansdepartementet. For SBV/NBA var det i tillegg behov for å revidere dei gjeldande prinsippa frå 2013. Det oppdaterte prinsippdokumentet til NBIM definerer klimarisikoen og reflekterer mandatkravet om målemetodar og gjennomføring av stresstesting mot klimascenario.

OPPDATERTE PRINSIPP FOR SIKKERHEIT I NOREGS BANK

Hovudstyret opplyste i den samla vurderinga av risikosituasjonen og internkontrollen i Noregs Bank for 2021 at NBIMs interne retningslinjer for beredskap og krisehandtering blei samordna med rammeverket som er fastsett for SBV for å sikre ei felles tilnærming til krisehandtering i Noregs Bank. Representantskapet skreiv i rapporten til Stortinget for 2021 at dei ser positivt på slik samordning av interne rammeverk. Ei samordning bidrar til å klargjere det øvste ansvaret i Noregs Bank og gir hovudstyret større rom for heilskapleg styring.

Det er fleire grunnar til at sikkerheitsprinsippa er oppdaterte. Representantskapet gav i 2021 ei tilråding om at hovudstyret bør vurdere å fastsetje noko meir spesifikke krav knytte til informasjonssikkerheit (cyber) for begge verksemdsområda. Vidare blei stillingsinstruksane for sentralbanksjefen og leiaren for NBIM oppdaterte med verknad frå 1. juni 2022. Det har ført til eit behov for å oppdatere kapitlet om roller og ansvar i prinsippa.

Det er no presisert at dei to daglege leiarane i all hovudsak skal vareta intern og ekstern rapportering på sikkerhetsområdet for ansvarsområda sine. Dei to leiarane er òg ansvarlege for verksemdskontinuitet for funksjonane sine, og dei er kriseleiar innanfor ansvarsområda sine. Sentralbanksjefen og dagleg leiar av NBIM skal vareta rollene som verksemdsleiar i samsvar med dei respektive ansvarsområda til sikkerheitslova. Det blir opplyst at det i byrjinga av 2023 vil bli sett i gang eit arbeid med å vurdere

behovet for oppdateringar i prinsippa for beredskap og krisehandtering i Noregs Bank.

OPPDATERTE PRINSIPP OM ØKONOMISTYRING

Hovudstyret sine prinsipp om økonomistyring (tidlegare kalla økonomireglementet) er òg oppdaterte. Hovudstyret sine prinsipp for økonomistyring byggjer på budsjettreglementet for Noregs Bank som er vedtatt av representantskapet. Formålet med prinsippa er å «bidra til god økonomistyring, effektiv ressursbruk, at fastsatte mål oppnås, strategier realiseres og at finansiell regnskapsrapportering avlegges i tråd med gjeldende lover og regler». Dokumentet blei sist oppdatert i 2017 og er no tilpassa den nye sentralbanklova og implementeringa av ny styringsstruktur, i tillegg til endringane i budsjettreglementet som blei vedtatt av representantskapet 11. juni 2020.

JUSTERING AV ETISKE PRINSIPP

Dei etiske prinsippa for dei tilsette i Noregs Bank er òg justerte. I tilsynsgjennomgangen av den operasjonelle risikoen i 2021 var ei av tilrådingane frå konsulentselskapet Mercer Sentinel at banken burde ha retningslinjer for korleis dei tilsette skal forhalde seg ved nære relasjonar som kan innebære ein potensiell interessekonflikt. Hovudstyreprinsippa er no utvida med følgjande føresegn: «De nærmere reglene skal inneholde bestemmelser om håndtering av mulige interessekonflikter knyttet til ansattes nære personlege relasjonar både i og utanfor banken, samt om mulige interessekonflikter ved overgang til annan stilling mv.»

NYE PRINSIPP FOR HR

I 2022 fastsette hovudstyret nye prinsipp for HR i Noregs Bank. I samband med tilsetjinga av ny leiar av NBIM i 2020 blei det i korrespondansen mellom hovudstyret og representantskapet reist spørsmål ved retningslinjene for rekruttering i Noregs Bank. Etter dette blei prosedyrar og rutinar reviderte, og dei inneheld no mellom anna spesifikke rutinar for korleis søkjarlistar skal handterast. Med fastsetjinga av dei nye HR-prinsippa har retningslinjene for rekruttering ei klar forankring i regelverket som hovudstyret har fastsett.

OPPDATERTE PRINSIPP FOR ANSVARLEG FORVALTING

Finansdepartementet fastsette endringar i mandatet for SPU-forvaltninga med verknad frå 12. september 2022. I mandatet blir det presisert at hovudstyret skal fastsetje prinsipp for ansvarleg forvaltning. Det oppdaterte prinsippdokumentet inneheld meir konkrete retningslinjer for

korleis banken skal handtere klimarisiko i SPU-forvaltninga. Dokumentet inneheld mellom anna ei forventning om at selskapa i investeringsporteføljene innrettar verksemda si på ein måte som er i samsvar med målet om netto null-utslepp, i tråd med Parisavtalen, og at Noregs Bank vil rapportere om arbeidet med klimarisiko, medrekna resultat av stresstestar.

ENDRING I HOVUDSTYRET SINE PRINSIPP FOR GODTGJERSLE

I november 2022 blei representantskapet orientert om endringa av hovudstyret sine prinsipp for godtgjersle i NBIM.

Det var sentralbanksjefen og leiaren av godtgjersleutvalet som innleidde. Representantskapet stilte mellom anna spørsmål om bakgrunnen for og konsekvensane av den no gjeldande tolkinga av verdipapirfondforskrifta, som skal følgjast «med nødvendige tilpassingar». Det blei presisert at det ikkje er meininga at den endra tolkinga av verdipapirfondforskrifta skal medføre auka bruk av variabel godtgjersle. Representantskapet var opptatt av omsynet til omdømmet til Noregs Bank, korrekt lov- og regelverksforståing, budsjettkonsekvensar og behovet for openheit i samband med ordningane.

Følgjande vedtak blei fatta:

Representantskapet tar endringene i hovudstyrets prinsipp for godtgjørelse i NBIM til foreløpig orientering. Representantskapet avventer en rapport fra EY knyttet til attestasjonsoppdrag som ser på bankens godtgjørelsesordning og vil i den forbindelse ev. komme tilbake med spørsmål som også vil omhandle de siste endringene i retningslinjene.

Attestasjonsoppdraget om godtgjersleordninga blei levert til representantskapet i februar 2023 og er omtalt seinare i rapporten.

REPRESENTANTSKAPET SIN GJENNOMGANG AV HOVUDSTYREPROTOKOLLANE OG PROTOKOLLAR FRÅ KOMITEEN FOR PENGEPOLITIKK OG FINANSIELL STABILITET

Alle protokollar frå hovudstyret og komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet er lagde fram for representantskapet i samsvar med sentralbanklova. Protokollane frå komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet er tekne til orientering.

Behandlinga av hovudstyreprotokollane saman med framlagde saker og rapportar er eit viktig grunnlag for representantskapet sitt tilsyn og gir oversikt over saks-omfanget til hovudstyret og vedtak i enkeltsaker. Sentralbanksjefen og visesentralbanksjefane er til stades i møta og greier ut om protokollane og hovudstyresakene. Leiinga i NBIM er vanlegvis til stades når saker om kapitalforvaltninga blir behandla.⁵

Sentralbankleiinga sine utgreiingar og svar på spørsmål under drøftingane er viktige for vurderingane og vedtaka til representantskapet.

I 2022 har representantskapet bedd om utdjupande informasjon knytt til lønnsjusteringar i NBIM, det er stilt spørsmål om statusen til dei russiske verdipapira i SPU-porteføljen, aksjeutlån, status knytt til arbeidet mot cyberangrep og om det har vore alvorlege cyberangrep. Representantskapet har òg bedd om noko meir utdjupande informasjon om det nye forventingsdokumentet om humankapitalforvaltninga. NBIM har presentert saker og svart på spørsmål frå representantskapet. Spørsmål har mellom anna handla om prioritering og kapasitet til å følgje opp forventingsdokumentet, og på kva måte NBIM arbeider vidare med forventingsdokumentet til korleis selskapa bør innrette seg innanfor område som banken er oppteken av i SPU-forvaltninga.

Representantskapet har ikke protokollført merknader til hovedstyrets protokoller.

INTERNKONTROLLSTRUKTUR


Noregs Bank har etablert ein internkontrollstruktur etter ein modell som er anerkjend praksis i finansinstitusjonar.⁶ Modellen viser samhandlinga mellom verksemdsstyring og internkontroll. Tradisjonelt består modellen av tre interne kontrollnivå, men no er han utvida med eit spesielt søkjelys på ekstern revisjon og regulering/tilsyn med finansinstitusjonar. Formålet er å identifisere nøkkel-funksjonar og leing for å sikre effektivt samarbeid, og tydeleggjere og plassere ansvar. Representantskapet sitt tilsyn og arbeidet til ekstern revisor er uavhengig av den interne kontrollstrukturen i Noregs Bank, og denne kontrollmodellen skal leggjast til grunn i arbeidet.

HOVUDSTYRET SI EIGENEVALUERING ETTER MANDATET FOR SPU

Etter mandatet for SPU⁷ skal hovudstyret «årlig evaluere sitt arbeid og sin kompetanse knyttet til forvaltningsoppdraget». Eigenevalueringa skal sendast til Finansdepartementet. Hovudstyret samanfattar slik: «Hovedstyrets samlede vurdering er at styrets sammensetning og kompetanse gir et godt grunnlag for å ivareta oppdraget med forvaltningen av SPU.»

Representantskapet har mottatt kopi av brevet til departementet og tatt hovedstyrets evaluering av sitt arbeid og sin kompetanse knyttet til forvaltningsoppdraget SPU til orientering.

FIGUR 3 KONTROLLMODELLEN TIL NOREGS BANK



VURDERING AV RISIKOSITUASJONEN OG INTERNKONTROLLEN I NOREGS BANK 2022

Rammeverket for risikostyring og internkontroll er gitt i sentralbanklova, instruks om risikostyring og internkontroll i Noregs Bank og mandatet for SPU.

Det er sett krav til årleg rapportering:

Med utgangspunkt i den interne dokumentasjonen og rapporteringen skal hovedstyret minst én gang årlig foreta en helhetlig systematisk vurdering av risikosituasjonen i Norges Bank og av om risikostyringen og internkontrollen har vært gjennomført på en tilfredsstillende måte. Vurderingene skal oversendes representantskapet. Vurderinger som gjelder forvaltningen av Statens pensjonsfond utland skal i tillegg oversendes departementet.⁸

Hovedstyret har ansvar for at risikostyring og internkontroll er etablert, gjennomført og overvåket, samt at arbeidet evalueres minst én gang årlig.⁹

Hovedstyret har for 2022 behandla åtte periodiske rapportar om etterleving og kontroll frå verksemds-områda. Desse rapportane har òg vore sende til representantskapet, som har teke dei til etterretning. Rapportane gir godt grunnlag for løpande vurderingar i tilsynet med banken.

Hovedstyret si vurdering av risikosituasjonen og internkontrollen i Noregs Bank 2022 er behandla av representantskapet. Til saka var òg følgjande vedlagt:

- Rapport om risikostyring og internkontroll i sentralbanksjefen sitt ansvarsområde 2022
- Årleg vurdering av risiko og internkontroll i kapitalforvaltninga 2022
- Internrevisjonen sin årlege rapport til hovudstyret 2022

Hovedstyret rapporterer at dei i fjerde kvartal 2022 gjennomførte ei eignevaluering av arbeidet sitt og kompetansen sin. Her la dei mellom anna vekt på system og prinsipp for risikostyring og på opplegg for gjennomføring av rapportering på risikostyring og internkontroll.

Hovedstyret får jamleg vurderingar av trusselbiletet som viser at dei aktuelle truslane som Noregs Bank står overfor er komplekse. Rapporten opplyser at vurderingane av risiko og sårbarheit for system og prosessar vil vere ulike, avhengig av formålet og oppdraget til verksemds-områda. Det blir orientert om vesentlege risikoar og igangverande eller gjennomførte risikoreduserande tiltak.

I ansvarsområdet til sentralbanksjefen blei det rapportert om 144 uønskete hendingar i 2022, mot 155 i 2021. Det har vore færre hendingar dei siste åra. Ingen hendingar blei vurderte å ha høg faktisk konsekvens. For kapitalforvaltninga er det registrert 270 uønskete hendingar i 2022, mot 269 i 2021. Samla gav dei uønskete hendingane ein estimert finansiell effekt på 126,5 millionar kroner, mot 793,5 millionar kroner i 2021. Åtte av hendingane er vurderte som svært alvorlege. Hendingane relaterer seg både til menneskelege feil i handelsprosessen og til tilgangen til handelssystem.

Uønskete hendingar blir rapporterte og følgde opp regelmessig. Hovudstyret rapporterer her: «Det er ikke registrert vesentlige brudd på Finansdepartementets mandat for forvaltningen av SPU eller hovedstyrets investeringsmandat til NBIM CEO i 2022. Det er heller ikke mottatt varsler om vesentlige brudd på markedsreguleringer eller annen generell lovgivning fra lokale tilsynsmyndigheter i perioden.»

Representantskapet er orientert om at hovudstyret ikkje reknar nokon av dei rapporterte hendingsbrota gjennom året som alvorlege for verksemda.

Slik er den oppsummerande vurderinga til hovudstyret:

- Internkontrollen i Noregs Bank er gjennomført på ein tilfredsstillende måte.
- Den utrekna operasjonelle risikoeksponeringa i kapitalforvaltninga har gjennom året vore innanfor hovudstyret sin definerte risikotoleranse.
- Den operasjonelle risikoeksponeringa i sentralbanksjefen sitt ansvarsområde har gjennom året vore akseptabel.
- Samansetninga og kompetansen i styret gir grunnlag for å ta hand om krava i forskrifta på ein god måte.

Representantskapet legg vesentleg vekt på korleis hovudstyret følgjer opp og vurderer risikostyring og internkontroll. Det blei gjort følgjande vedtak til behandlinga av rapporten:

Representantskapet tar hovedstyrets vurdering av risikosituasjonen og internkontrollen i Norges Bank for 2022 til etterretning.

RAPPORTERING FRÅ INTERNREVISJONEN

Internrevisjonen gjennomfører revisjonar i samsvar med revisjonsplanen som hovudstyret har fastsett. Rapportar frå revisjonsprosjekta blir behandla i revisjonsutvalet og

hovudstyret. Iverksetjing av tiltak som følgje av tilrådingar i rapportane blir følgd opp som del av den faste rapporteringa frå banken sine verksemdsområde til hovudstyret. Internrevisjonen har for 2022 rapportert 14 revisjonsprosjekt til hovudstyret. I tillegg gjennomfører internrevisjonen fleire periodiske kontrollhandlingar, og har mellom anna verifisert at praktiseringa av godtgjersleordninga for NBIM og SBV i 2022 var i tråd med retningslinjene for godtgjersle som hovudstyret har fastsett.

Representantskapet behandlar ikkje rapportane til internrevisjonen, men sekretariatet går gjennom dei i samband med løpande tilsyn og tilsynsgjennomgangar på relevante tema.

RAPPORTERING OM VARSLINGSSAKER

Varslingsordninga til Noregs Bank skal tilfredsstillere krava etter arbeidsmiljølova § 2A-6 og leggje til rette for varslingsom kritikkverdige forhold. Den interne varslingsordninga er i tråd med varslingsreglane i arbeidsmiljølova og er ikkje blitt endra dette året.

I 2022 har internrevisjonen behandla fire varslings saker. Sakene er undersøkte og ferdigbehandla av varslingsmottaket, og overlevert linja for vidare oppfølging. Det blei ikkje avdekt vesentlege kritikkverdige forhold i undersøkingane.

1.3 TILSYN MED OPPGÅVER SOM ER FELLES FOR VERKSEMDSOMRÅDA

PERSONALE, ARBEIDSMILJØ OG LIKESTILLING

I faste rapporteringar er det meldt om at delar av organisasjonen over tid har hatt høg arbeidsbelastning, og at det i dagens arbeidsmarknad er ein risiko for at ein ikkje klarer å rekruttere og halde på den nødvendige kompetansen. Representantskapet har stilt spørsmål om utfordringane knytte til ressurs situasjonen og om det å rekruttere og halde på den ønskete kompetansen. Lønnsnivå og andre alternative gode var òg tema under representantskapsbehandlninga.

Ein har òg stilt spørsmål ved om det blir gjort habilitetsvurderingar når tidlegare NBIM-tilsette begynner i sentrale posisjonar i andre verksemdar.

Hovudstyret rapporterer om arbeidsmiljøet i årsrapporten for 2022.

Gjennom den årlege medarbeidarundersøkinga blir det målt engasjement, trivsel og helse blant dei tilsette, og kartlagt hendingar knytte til diskriminering og uønskt åtferd. Resultat og tiltak blir presenterte og følgde opp i leiargrupper og i arbeidsmiljøutvalet, som består av representantar for både leiinga og dei tilsette. Medarbeidarundersøkinga for 2022 blei i mars 2023 presentert for representantskapet, som tok henne til orientering.

Årsrapporten frå hovudstyret omtaler kjønnsbalansen i Noregs Bank. Noregs Bank arbeider systematisk for å oppnå kjønnsbalanse og har som mål å oppnå minimum 40 prosent av kvart kjønn for banken sett under eitt. Ved utgangen av 2022 hadde Noregs Bank ein samla kvinneandel på 35 prosent. Det er ein auke frå 34 prosent i 2021. Kvinneandelen i NBIM har auka frå 27 prosent i 2021 til 29 prosent i 2022. På leiarnivå i NBIM er kvinneandelen 23 prosent i 2022, likt som i 2021. Kvinneandelen blant dei tilsette ved dei internasjonale kontora er lågare enn i Oslo. Kvinneandelen i SBV har auka frå 34 prosent i 2021 til 35 prosent i 2022. I NBA blir det rapportert om 57 prosent kvinner.

Hovudstyret skriv at dei ikkje er nøgde med den samla kvinneandelen, og at dei vil følgje arbeidet med å nå måla tett.

I årsrapporten blir også lønns- og kompensasjonsordningar omtalte. Hovudstyret set rammene og følgjer opp korleis ordningane blir praktiserte. Lønnsnivået skal vere konkurransedyktig, men ikkje marknadsleiar. Ei forklaring på lønnsforskjellane mellom kvinner og menn er at det er ei overvekt av menn i stillingar som arbeider med investeringsavgjerder. Desse stillingane har generelt høgare lønn i marknaden enn stillingar på same nivå innanfor andre område. For Noregs Bank samla sett har dessutan utbetalt overtid ein effekt på tala for utbetalt godtgjersle. Generelt har menn jobba meir overtid enn kvinner i 2022.

Representantskapet er opptatt av at Noregs Bank har som mål å betre kjønnsbalansen, og vil følgje hovudstyret sitt arbeid for å nå måla.

TILSYNSGJENNOMGANG – OPERASJONELL RISIKO I NOREGS BANK

I Dokument 9 (2021–2022) blei tilsynsgjennomgangen om operasjonell risiko i Noregs Bank omtalt. Gjennomgangen til Mercer Sentinel omfatta ei vurdering av styringsstruktur og funksjonar for å styre og kontrollere bankverksemda. Gjennomgangen inkluderte operasjonelle aktivitetar og kontrollmekanismer i SBV, NBA og NBIM.

Hovudkonklusjonen i rapporten var at Noregs Bank har implementert operasjonelle prosessar og risikostyring som reflekterer storleiken og kompleksiteten til banken. Det blei likevel identifisert enkelte forhold der det blir tilrådd tiltak for å redusere den operasjonelle risikoen. Nedanfor blir nokre av dei sentrale tilrådingane frå Mercer og utdrag av svaret frå hovudstyret beskrive.

Internrevisjonen blei tilrådd å korte ned tida det tar å dekkje alle revisjonstema i banken, slik at område med låg risiko som eit minimum blir dekte i løpet av ein periode på fem år. Tilbakemeldinga frå hovudstyret var mellom anna at «internrevisjonen har tydeliggjort at en særskilt vurdering av område med lav risiko skal inngå i den årlige revisjonsplanleggingen og prosjektprioriteringsprosessen».

Eigenhandelspolicy var òg ein del av undersøkinga. NBIM blei mellom anna tilrådd å forbetre eigenhandelspolicyen ved å redusere godkjenningsvindauget frå fem dagar til mindre enn 48 timar. Hovudstyret stadfesta i tilbakemeldinga at ei ny tidsramme på 48 timar var innført for alle tilsette i NBIM. For SBV blei det tilrådd å vurdere å innføre krav om at alle tilsette i SBV og NBA hentar inn førehandsgodkjenning av eigenhandel. Hovudstyret vurderte det slik at «de etablerte egenhandelsbegrensningene og kontrollene dekker risikoen for interessekonflikter ved eigenhandel på en god måte, og at det ikke er behov for å innføre et krav om forhåndsgodkjenning av ansattes eigenhandel innenfor sentralbanksjefens ansvarsområde».

Ei anna tilråding for begge verksemdsområda gjaldt utarbeidinga av formelle funksjonelle etterfølgjarplanar. Det er vanleg at personar i leiande stillingar i SBV har nestleiarar, men Noregs Bank (medrekna NBIM og NBA) har ikkje utarbeidd formelle funksjonelle etterfølgjarplanar. Denne typen planar skal klart definere ansvars-overføring på kort og mellomlang sikt dersom ein nøkkel-person skulle bli ute av stand til å halde fram med arbeidsoppgåvene sine. Det blei tilrådd å lage detaljerte etterfølgjarplanar for nøkkelroller som omfattar toppleiinga, mellomleiinga og andre nøkkelroller. Slik var tilbakemeldinga frå hovudstyret: «Hovedstyret vil se til at det blir etablert en mer strukturert prosess i 2022 for årlig gjennomgang av planer for kompetanseutvikling for etterfølgere av både nøkkelpersonell og ledere på et visst nivå i hele banken.»

Ei tilråding som gjaldt begge verksemdsområda, var å vurdere å avgrense eller avvike dei tilsette sin tilgang til private e-postkontoar/fildelingstenester frå nettverket til banken. Hovudstyret svarer at NBIM vil gjere ei ny vurdering

av risikoen som er knytt til dei tilsette sin tilgang til private e-postkontoar. For SBV svarer hovudstyret at risikoen som følgje av eventuell skadevare er vurdert som låg, gitt dei etablerte sikkerheitskontrollane.

Det blei vidare tilrådd å ha ein policy for korleis dei tilsette skal forhalde seg ved nære relasjonar som kan innebere ein potensiell interessekonflikt. Hovudstyret skriv at dei har utvida føresegna om moglege interessekonfliktar i dei etiske prinsippa for dei tilsette: «De nærmere reglene skal inneholde bestemmelser om håndtering av mulige interessekonflikter knyttet til ansattes nære personlige relasjoner både i og utenfor banken, samt om mulige interessekonflikter ved overgang til annen stilling mv.»

Bruk av ekspertnettverk var ei av tilrådingane som berre gjaldt NBIM. Hovudstyret sitt svar på tilrådinga var at NBIM som ein del av risikovurderinga vil «vurdere en bredere dekning og oppfølging av telefonsamtaler gjennomført av NBIMs investeringspersonell».

Når eksterne forvaltarar skal veljast, blir investeringsverksemda gjennomgått av NBIM si eining for eksterne strategiar. Vidare sørgjer NBIM si etterlevingseining for ein innleiande og løpande integritetsgjennomgang. Det blei tilrådd at NBIM opprettar ein eigen funksjon for operasjonell verksemdsgjennomgang som har ei rapporteringslinje som er skild frå eininga som gjennomgår investeringsverksemda. Til dette svarte hovudstyret: «ODD (Operational Due Diligence) vurderingen som gjennomføres for eksterne forvaltere er en prosess som trekker på ressurser på tvers av avdelinger og rapporteringslinjer i NBIM. [...] Hovedstyret vil be NBIM om at styringsdokumentasjonen som regulerer eksterneforvaltningen med større tydelighet reflekterer og beskriver dette delte prosessansvaret, herunder beskrivelsen av eskaleringsmekanismer ved uenighet i vurderinger.»

For kontrollmekanismer ved valutahandlar blei SBV tilrådd å innføre etterfølgjande kontroll av storleik, retning og motpartar. Det blei òg tilrådd å innføre førehandskontroll av etterleving ved kjøp og sal av papir i samband med valutareservane. Tilbakemeldinga frå hovudstyret var at den gjeldande organiseringa og rutinane blir vurderte som effektive og har ført til få hendingar. Hovudstyret ønskjer derfor å vidareføre dei. Hovudstyret gav samtidig uttrykk for at det framleis vil leggje vekt på tiltak som kan bidra til å redusere den operasjonelle risikoen på området.

For modellar som avdeling for pengepolitikk (PPO) bruker for å produsere prognosar og gjennomføre analysar, blei det tilrådd å vurdere ein godkjenningssprosess for å gjere

endringar, slik at det ikkje er mogleg for éin person å endre parametrane eller konfigurasjonen på eiga hand. Hovudstyret svarte at det vil arbeide for å innføre kontrollrutinar langs dei tilrådde linjene, og samtidig ta omsyn til ein god arbeidsflyt og effektive arbeidsrutinar.

Ved behandling av hovudstyret sitt svar på rapporten var representantskapet òg opptatt av at vurderingar knytte til operasjonell risiko må vere dynamiske.

Representantskapet gjorde følgjande vedtak:

Representantskapet tok hovudstyrets svar på anbefalingene i rapporten om operasjonell risiko til etterretning og ba sekretariatet ta med seg hovudstyrets svar i vurderingen av undersøkelser i 2022.

TILSYNSGJENNOMGANG – IT-SYSTEM OG KONTROLLAR

Hausten 2022 blei Mercer Sentinel engasjert for å gjere ei oppfølgjande vurdering av den operasjonelle risikoen knytt til IT-system og kontrollar i Noregs Bank. Bakgrunnen for dette var mellom anna Russlands angrep på Ukraina, som sette cybersikkerheit endå høgare på dagsordenen. Oppdraget til Mercer Sentinel var å setje søkjelys på område som er spesielt viktige med tanke på cybersikkerheitsrisiko. Mercer Sentinel vurderte den operasjonelle risikoen knytt til sju område innanfor IT-system og kontrollar i SBV og NBIM:

- kompleksitet og samankopling av applikasjonar
- IT-infrastruktur og kapasitetsovervaking
- bemanning og interne ressursar i avdelingane (innanfor IT)
- data, applikasjonar og sikkerheitsprotokollar for nettverkstilgang
- retningslinjer for cybersikkerheit, testing og overvaking
- retningslinjer for endringsstyring og tilknytte prosedyrar
- sikkerheitsprotokollar for bygning, kontor og datasenter

Hovudkonklusjonen i rapporten var at det ikkje er identifisert nokon vesentlege manglar verken i sentralbankverksemda (SBV) eller NBIM sine IT-prosessorar, prosedyrar eller kontrollar. Tilrådinga i rapporten frå 2022 om at begge verksemdsområda bør vurdere å avgrense eller avvike dei tilsette sin tilgang til private e-postkontoar / fildelingstenester frå nettverket til banken gjeld framleis.

Rapporten blei behandla i representantskapsmøtet i februar 2023. Dette vedtaket blei gjort:

Representantskapet tar vurderingene i tilsynsgjennomgangen om operasjonell risiko knyttet til IT-systemer og kontroller i Norges Bank til etterretning. Rapporten oversendes hovedstyret. Representantskapet ber hovedstyret om en vurdering av merknadene og anbefalingene fra Mercer Sentinel.

Rapporten er send til hovudstyret. Representantskapet vil behandle vurderinga til hovudstyret og omtale denne nærmare i neste års rapportering til Stortinget.

UTVIKLING AV IT OG IT-SIKKERHEIT

IT og IT-sikkerheit er definert som verksemdsnære område, og begge verksemdsområda har separate IT-avdelingar. I SBV blei det per 1. desember 2022 gjort ei endring i den øvste leiinga, slik at det blei etablert ei eiga avdeling med namnet IT, der avdelingsdirektøren rapporterer direkte til sentralbanksjefen. Avdelinga har ansvar for drift, vedlikehald og utvikling av IT-system og dessutan for IT-sikkerheit. I NBIM blei avdelingane teknologi og drift samla under den same leiaren i april 2022. Avdelinga har ansvar for førstelinjeprosessar innanfor IT og administrative tenester i tillegg til system for verdipapirhandel, måling og rapportering, i tillegg til investeringstenester. Retningslinjer for IT-sikkerheit og informasjonssikkerheit er lagde til andrelinja i avdeling for eigarskap og etterleving.

Det er gjennom rapportering informert om status på IT-sikkerheitsarbeidet i banken. Det blir rapportert at styringsystemet for sikkerheit bidrar til eit forsvarleg sikkerheitsnivå, og at den operasjonelle risikoeksponeringa er akseptabel. Verksemda har etablerte prosessar som bidrar til god kvalitetssikring og kontroll. Overgangen til nye IT-plattformar og ny IT-infrastruktur har heva sikkerheitsnivået, og det er lagt til rette for eit meir robust cyberforsvar.

Begge verksemdsområda har sett seg klare mål, med tydelege kriterium, som dei jobbar systematisk for å nå. Noregs Bank har, på linje med mange private og offentlege verksemdar, vore utsett for cyberangrep.

FYSISK SIKKERHEIT, BEREDSKAP OG KRISEHANDTERING

Som nemnt i avsnittet «Endringar i styringsrammeverket til hovudstyret» er det gjort endringar i ansvaret som dei daglege leiarane har for fysisk sikkerheit. Representantskapet er gjennom hovudstyredokument blitt orientert om endringane.

Gjennom den faste rapporteringa er representantskapet orientert om at leiinga og relevante fagområde får hyppige oppdateringar av trusselbiletet i samband med krigen i Ukraina. For at dei tilsette skal vere bevisste på sikkerheitsaspektet, blir det gjennomført kontinuerleg sikkerheitsopplæring. Vurderinga av sikkerheitstilstanden for kvart av dei to verksemdsområda er dekt gjennom verksemdsrapportane. Det blir rapportert at grunn-sikringa er god.

Erfaringane frå handteringa av koronapandemien har vore viktige for beredskapen i organisasjonen. Utviklinga av den geopolitiske situasjonen i Europa har lagt sterke føringar for beredkapsarbeidet i Noregs Bank.

Representantskapet har som ein del av kompetanseplanen fått ein gjennomgang av reise- og personsikkerheitsarbeidet i Noregs Bank, og av arbeidet med sikkerheit knytt til kontanthandteringa.

PERSONVERN

Gjennom rapportering er representantskapet blitt orientert om korleis Noregs Bank behandlar personopplysningar. Sentralbanksjefen har fastsett retningslinjer for handtering av personopplysningar. I tråd med lov om behandling av personopplysningar er det etablert ei ordning med personvernombod. Det er utarbeidd eit styringssystem, og for all behandling av persondata blir det gjort juridiske vurderingar for å sikre etterleving. Det er gjennomført eit prosjekt som har redusert etterlevingsrisikoen knytt til overføring av personopplysningar ut av EU/EØS.

KVITVASKING

Hovudstyret har vedteke prinsipp for oppfølging av kvitvaskingsføresegnene. Prinsippa skal sikre at Noregs Bank oppfyller pliktene etter lov om tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering (kvitvaskingslova) med tilhøyrande forskrifter (kvitvaskingsføresegnene).

Antikvitvaskingsregelverket er relevant for Noregs Bank på fleire område, men risikoen er hovudsakleg knytt til saker om veksling/innlevering av utgatte og ugyldige setlar og myntar. Ved mistanke om kvitvasking blir det rutinemessig rapportert til Økokrim. Saker der Noregs Bank kan bli assosiert med kvitvasking, vil kunne påverke omdømmet. Representantskapet blir orientert om antikvitvaskingsarbeidet gjennom den periodiske etterlevingsrapporteringa.

GODTGJERSLEORDNINGAR FOR DEI TILSETTE

I juni behandla representantskapet rapportar om godtgjersleordningane i begge verksemdsområda og dessutan den årlege fråsegna frå internrevisjonen om korleis banken etterlever hovudstyret sine prinsipp for bonusordning. For tilsette i NBIM gjeld krava i verdipapirfondforskrifta med nødvendige tilpassingar, i tråd med mandatet for SPU-forvaltninga. I samsvar med hovudstyreprinsippa skal godtgjersleordningar i SBV òg følgje verdipapirfondforskrifta, men det er rom for avvik for å vareta særlege forhold i SBV. Konklusjonen til internrevisjonen var mellom anna at praktiseringa av ordningane for variabel godtgjersle i NBIM og SBV for 2021 er i samsvar med prinsippa som hovudstyret har fastsett.

I behandlinga av saka spurde representantskapet om rapportane kan innehalde meir utfyllande statistikk/informasjon om godtgjersla, og viste mellom anna til merknader frå mindretalet i Stortinget i innstillinga frå finanskomiteen om representantskapets rapport til Stortinget i 2021. Sentralbanksjefen gav uttrykk for at ho vil ta med seg merknaden til neste års saksframlegg til representantskapet.

Dette vedtaket blei gjort:

Representantskapet tar til orientering årlig rapport om gjennomgang av godtgjersleordningane i hhv. sentralbankvirksomheten/Norges Bank Administrasjon og NBIM for 2021 og bekreftelse på ordningane fra internrevisjonen.

ATTESTASJONSOPPDRAG – GODTGJERSLE I NOREGS BANK

I februar 2023 leverte EY tre rapportar – attestasjonsfråsegner for godtgjersleordninga i høvesvis NBIM og SBV og ein tilleggsrapport som samanfattar observasjonar frå gjennomgangen. Attestasjonsoppdraget blei vedtatt i representantskapsmøtet i juni 2022 med bakgrunn i innspel frå Finansdepartementet.

EY sin konklusjon i attestasjonsfråsegnene er at praktiseringa av godtgjersleordninga i NBIM i det alt vesentlege er i samsvar med mandatet for SPU-forvaltninga § 5-2 og verdipapirfondforskrifta, og tilsvarande for SBV sett opp mot verdipapirfondforskrifta. Når det gjeld tilleggsrapporten, er konklusjonen til EY at rammeverket for godtgjersleordninga for NBIM og SBV verkar godt gjennomarbeidd, og at det i all hovudsak er utforma og implementert i samsvar med gjeldande regelverk. Samtidig har EY

observert enkelte område som det kan vere aktuelt for hovudstyret å sjå nærmare på:

- Det kan vurderast om det bør utarbeidast klarare retningslinjer for reduksjon eller bortfall av den variable godtgjersla ved sterkt (alvorleg) negativt resultat.
- Dekomponeringa av Finansdepartementet sin referanseindeks ned på enkeltmandatnivå som grunnlag for målt meir- eller mindreakasting kan vere krevjande å forstå, noko som i praksis kan opplevast som redusert openheit.
- SPU utnyttar ikkje tracking error på 1,25 prosent i mandatet fullt ut. EY har ikkje undersøkt i detalj om det er nokon samanheng mellom korleis tracking error blir utnytta, og måten den variable godtgjersla er utforma på. Det kan ikkje utelukkast at den variable godtgjersleordninga i for liten grad premierer forvaltarar som tek risiko.
- Intern motrekning av sals- og kjøpstransaksjonar i finansielle instrument sparer SPU for transaksjonskostnader. Det finst interne reglar for gjennomføring av internhandlar, også for korleis prisane for slike handlar skal fastsetjast. Observasjonar frå intervju kan indikere at desse reglane ikkje alltid er klare nok og blir forstått.
- Ca. 40 prosent av målekorta til tilsette med variabel godtgjersle har berre kvantitative mål. Ein kan vurdere om alle tilsette skal ha innslag av kvalitative mål i målekorta sine.
- Andelen av den variable godtgjersla som blir utsett er 50 prosent, sjølv om verdipapirfondforskrifta berre krev at 40 prosent skal utsetjast.

Følgjande vedtak blei fatta:

Representantskapet tar attestasjonsrapportene om godtgjørelesordningen i NBIM og i sentralbankvirksomheten fra revisjonsfirma EY til etterretning. Rapportene oversendes hovudstyret til orientering og for eventuelle merknader til observasjonene i tilleggsrapporten. Hovudstyret bes spesielt redegjøre nærmere om endringer i godtgjørelesordningen i NBIM som ble vedtatt i oktober 2022. Rapportene gjøres offentlig tilgjengelig ved oversendelse til Finansdepartementet.

Rapportane, som er lagde ut på nettsidene til banken, er sende til hovudstyret og Finansdepartementet. Eventuelle merknader til observasjonane frå hovudstyret vil bli behandla av representantskapet og nærmare omtalte i rapport til Stortinget neste år.

1.4 TILSYN MED SENTRALBANKVERKSEMDA

FORVALTING AV VALUTARESERVANE

Valutareservane er banken sin beredskap i internasjonal valuta. Reservane består av ein renteportefølje og ein aksjeportefølje. Petrobufferporteføljen, som blir brukt ved overføringar til og frå SPU, er òg ein del av valutareservane. Petrobufferporteføljen sørgjer for ei formålsstenleg handtering av statens behov for veksling mellom utanlandsk valuta og norske kroner. SBV forvaltar renteporteføljen og petrobufferporteføljen, mens NBIM forvaltar aksjeporteføljen.

Gjennom ordinær kvartalsrapportering er representantskapet blitt orientert om utviklinga i valutareservane. Sentralbanken har gjennom heile året rekna valuta-reservane som store nok og likvide nok til å møte pliktene til Noregs Bank. Det har ikkje vore rapportert om brot på retningslinjene frå hovudstyret.

Kvartalsvis rapportering om forvaltinga av valuta-reservane blir publisert på nettsidene til Noregs Bank.

NOREGS BANKS OPPGJERSSYSTEM (NBO)

Noregs Banks oppgjerssystem (NBO) er ein samfunnskritisk funksjon som følgje av den sentrale rolla det har i det norske betalingssystemet. Representantskapet følgjer med på rapportering av driftsstabiliteten og styring av risiko og beredskap gjennom banken si ordinære verksemdsrapportering. Risikoen i bankoppgjeret er i stor grad relatert til cyberangrep eller IKT-relaterte driftsfeil.

Representantskapet får årsrapport for Noregs Banks oppgjerssystem (NBO). Rapporten for 2021 blei behandla av representantskapet i juni 2022. Rapporten tek for seg aktuelle saker og utviklingstiltak, i tillegg til den operasjonelle aktiviteten gjennom året med nøkkeltal, driftsstabilitet, risikovurdering og beredskapsøvingar. Oppgjerssystemet var i 2021 stabilt med unntak av eit kortvarig avbrot i februar og eit avvik i kommunikasjonsløysinga (SWIFT) i juli.

Ei redigert utgåve av rapporten er publisert på nettsidene til banken. I den offentlege versjonen er omtalen av enkeltinstitusjonar utelaten, og omtalen av interne forhold, mellom anna risikovurderingar og beredskapsløysingar, er kortare og meir generell.

Representantskapet får òg rapport om finansiell infrastruktur. Denne rapporten skildrar risikobiletet og er ein

del av Noregs Bank sitt arbeid med å fremje finansiell stabilitet og eit sikkert og effektivt betalingssystem.

Representantskapet har tatt årsrapportene for Norges Banks oppgjørssystem og finansiell infrastruktur til orientering.

SETLAR OG MYNTAR, FORSYNINGSANSVARET TIL NOREGS BANK, UTFERDARROLLA OG LAGERSTYRINGA

Sekretariatet har gått gjennom rapportar frå banken sine kontrollbesøk i sentralbankdepot, som er opererte av ein ekstern leverandør, og er blitt orientert om arbeidet til ekstern revisor. Det er ikkje rapportert om vesentlege avvik i rutinar.

Representantskapet får kvart år ein intern rapport om setlar og myntar og ein offentlig årsrapport om finansiell infrastruktur som blir teken til orientering. Ved behandling av rapportane for 2022 stilte representantskapet spørsmål om mellom anna digitale sentralbankpengar og banken si rolle sett opp mot føresegnar om kontantbruken i samfunnet. Representantskapet var òg opptatt av kontantforsyninga i beredskapssamanheng. Sentralbanksjefen svarte på spørsmål mellom anna om problema med kortbetaling 16. mai, og om korleis rutinane blir koordinerte med dei private bankane og Finanstilsynet.

I revisjonsmeldinga til Noregs Banks årsrekneskap for 2022 skildrar EY sentrale forhold ved revisjonen: «Sentrale forhold ved revisjonen er de forhold vi mener var av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet for 2022. Disse forholdene ble håndtert ved revisjonens utførelse og da vi dannet oss vår mening om årsregnskapet som helhet, og vi konkluderer ikke særskilt på disse forholdene.»

EY skriv òg: «Norges Bank har etablert ulike kontroller knyttet til sedler og mynter i omløp. Vi vurderte og testet utformingen av utvalgte kontroller knyttet til beholdningen av sedler og mynter, herunder bestillinger og mottak av nye sedler og mynter, registrering av tilførsel og uttak og telling av sentralbankdepoter. For sentralbankdepotet til Norges Bank gjennomførte vi en selvstendig utvalgsbasert kontrolltelling ved årsslutt.»

TILSYNSGJENNOMGANG – ROLLA OG ANSVARET TIL NOREGS BANK NÅR DET GJELD KONTANTFORSYNINGA

I tråd med tilsynsplanen for 2022 har ein undersøkt rolla og ansvaret til Noregs Bank med tanke på forsyningsplikta. Formålet med gjennomgangen var å gi representantskapet

nok sikkerheit for at Noregs Bank og hovudstyret oppfyller oppgåvene sine med å fremje ei effektiv kontantforsyning i tråd med føresegnene i sentralbanklova.

Noregs Bank har einereitt til å utferde setlar og myntar. Kontantforsyningsplikta er eit kjerneområde for SBV, og det er først og fremst etterspurnaden frå publikum som bestemmer omfanget. Undersøkinga omfatta i hovudsak livsløpet til ein setel, frå avgjerd om ny setelserie, avtale med setelprodusent og trykking av setlar til distribusjon og destruksjon. I undersøkinga blei hovudstyret si rolle i forsyningsplikta, tilgangen til kontantar, bruksverdi og sikkerheit vurdert.

Gjennomgangen viser at det blir arbeidd med viktige avklaringar knytte til kontantforsyningsplikta til Noregs Bank. I samband med dette er det viktig at ein i hovudstyret er merksam nok på utviklinga og framtida til kontantar som tvunge betalingsmiddel. Det inneber mellom anna at hovudstyret kan vurdere konsekvensen av lågare kontantbruk, kva det kan ha å seie for befolkninga sin tillit til kontantar, kontantar som betalingsmiddel i kvardagen og i krisesituasjonar, i tillegg til Noregs Bank sin einereitt til å utferde setlar og myntar.

Noregs Bank sin avtale med seteltrykkjeri og jamleg gjennomgang av behovet for eventuelt nye opplag sikrar at det alltid er nok kontantar tilgjengeleg. Produksjonen er eit samarbeid mellom fleire avdelingar i Noregs Bank, seteltrykkjeri og underleverandørar. Gjennomgangen viser kor viktig det er at Noregs Bank sjølv har tilsette med inggåande kjennskap til og kompetanse om setlar og produksjon for å kunne følgje opp avtalen med setelprodusenten og kontrollere at det som blir levert, oppfyller gitte krav.

Gjennom ordninga med sentralbankdepot og privatdepota til bankane klarer Noregs Bank å gjere kontantar tilgjengelege for vidare distribusjon. Dette er likevel eit sårbart system sidan det er avhengig av fleire aktørar. Sjølv om rolla til Noregs Bank er avgrensa til å sørgje for at det finst kontantar å distribuere, er banken òg engasjert i at publikum kan få tak i kontantar sidan kontantar er ein del av den samla beredskapen ved ein eventuell svikt i dei elektroniske løysingane for betaling med bankkontopengar.

Risikoovergangar og handtering av desse har vore eit viktig område for gjennomgangen. Hos seteltrykkjeri er det gjort risikoanalysar og grundige undersøkingar før produksjonen tek til. Det er òg observert og stilt spørsmål om tiltak som er sette i verk for å redusere risikoen ved flytting av informasjon og verdier frå éin stad til ein

annan. Det blir gjort jamlege trusselvurderingar og risikoanalysar knytte til prosessar og leverandørar. I behandlinga av saka var representantskapet oppteke av risiko-vurderingar knytte til setelproduksjon og beredskap. Representantskapet peikte òg på utfordringane knytte til rørsla mot eit kontantlaust samfunn, og retten til å betale med kontantar.

Representantskapet gjorde følgjande vedtak:

Representantskapet slutter seg til vurderingene i tilsynsrapporten om Norges Banks rolle i og ansvar for kontantforsyningen. Rapporten oversendes hovedstyret. Representantskapet legger til grunn at hovedstyret har oppmerksomhet på utviklingen innenfor kontantforsyningen og imøteser orienteringer om hovedstyrets involvering i det pågående utredningsarbeidet.

I det neste representantskapsmøtet orienterte sentralbanksjefen om hovudstyret si involvering i arbeidet med kontantforsyning og planen framover. Ho kom òg inn på andre aktuelle saker på området, inkludert høyringa om forslag til styrking av forbrukarane sin rett til å betale med kontantar.

OPPGÅVER FOR STATEN, STATEN SINE KONTOAR I NOREGS BANK OG STATSGJELDSFORVALTINGA

ATTESTASJONSFRÅSEGN FRÅ UAVHENGIG REVISOR OM STATENS KONTOAR I NOREGS BANK

Noregs Bank har oppgåver med kontohald i tilknytning til statlege betalingar, statleg likviditetsforvaltning og statleg gjeld. Oppgåvene er heimla i sentralbanklova og er nærmare regulerte i avtale med og mandat frå Finansdepartementet.

Gjennom statens konsernkontoordning blir alle statlege midlar dagleg samla på konto i Noregs Bank. Ved utgangen av 2022 utgjorde innskot frå statskassen 305 milliardar kroner. Dette utgjør då den største gjeldsposten i balansen, sett bort frå innskotskonto SPU. Innskotet vil likevel variere mykje gjennom året som følgje av store inn og utbetalingar over statlege driftskontoar.

Noregs Bank er ansvarleg for å gjennomføre og følgje opp avtaleregulerte krav til sikkerheit, sikkerheitskopiering og beredskapsrutinar, medrekna oppgåvene som blir utførte av ekstern leverandørar av driftstenester og kontohald. Arbeidet blir utført i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten og i samsvar med retningslinjer for oppgjerskontoar i konsernkontosystemet.

Oppgåva til revisor er å komme med ei uavhengig fråsegn til representantskapet om Noregs Bank held seg til dokumentasjonskrava i avtalen. Arbeidet er utført i samsvar med den internasjonale attestasjonsstandarden (ISAE) 3000 – «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon».

EY har gitt ei attestasjonsfråsegn for 2022 med positiv konklusjon. Det inneber at det ikkje er funne avvik som medfører risiko eller behov for oppfølgingstiltak.

Representantskapet har tatt attestasjonsuttalelsen om statens konti i Norges Bank for 2022 til etterretning. Attestasjonsuttalelsen er oversendt til Finansdepartementet.

STATSGJELDSFORVALTINGA I 2022 – ATTESTASJONSFRÅSEGN FRÅ UAVHENGIG REVISOR OM KORLEIS NOREGS BANK FORVALTAR STATSGJELDA

Finansdepartementet har med heimel i sentralbanklova fastsett mandat for forvaltinga av statsgjeld med utfyllande føresegner og fullmakter til Noregs Bank for statsgjeldsforvaltinga. Noregs Bank har det operative ansvaret for forvaltinga, og kostnadene blir dekte av banken.

Noregs Bank utferdar statsgjeld og inngår finansielle kontraktar i namnet til Finansdepartementet. Transaksjonar knytte til statsgjeldsforvaltinga blir rekneskapsførte i statsrekneskapan og ikkje på balansen til Noregs Bank. Reglement for økonomistyring i staten skal følgjast ved forvalting av låneporteføljen.

Banken skal utarbeide offentlege kvartals- og årsrapportar om statsgjeldsforvaltinga. Ved utarbeidinga skal det leggjast til grunn at det skal vere størst mogleg openheit om forvaltinga innanfor dei rammene som blir sette av ei forsvarleg gjennomføring av forvaltingsoppdraget.

På oppmoding frå Finansdepartementet gir den eksterne revisoren til Noregs Bank ei uavhengig attestasjonsfråsegn som dekkjer mandatsføresegnene på området betalingar og rekneskapsføring i denne forvaltinga. Fråsegna frå ekstern revisor for 2022 har positiv konklusjon. Det inneber at det ikkje er funne avvik som medfører risiko eller behov for oppfølgingstiltak.

Representantskapet har tatt den årlige attestasjonsuttalelsen om statsgjeldsforvaltningen for 2022 til etterretning. Attestasjonsuttalelsen er oversendt Finansdepartementet.

Riksrevisjonen har i tillegg fått ein rapport for 2022 frå EY om avtalte kontrollhandlingar knytte til postar i statsrekneskapen for statsgjeldsforvaltninga.

STATSGJELDSFORVALTINGA – STRATEGI OG LÅNEPROGRAM FOR 2023

Etter mandatet skal banken utarbeide ein lånestrategi som beskriv korleis ein arbeider for å oppnå målsetjinga for forvaltninga. Innan starten på budsjettåret skal banken òg leggje fram eit låneprogram for departementet. Programmet skal beskrive den planlagde opplåninga og innehalde ein kalender for utferdingar.

Representantskapet har fått strategien og låneprogrammet til hovudstyret for 2023. Strategien er send til Finansdepartementet og blei publisert i midten av desember 2022.

Følgjande vedtak blei fatta:

Representantskapet tar strategi og låneprogram for statsgjeldsforvaltningen for 2023 til orientering.

1.5 TILSYN MED FORVALTINGA AV STATENS PENSJONSFOND UTLAND (SPU)

OPPFØLGING AV SANKSJONAR

Representantskapet er i 2022 blitt orientert om korleis NBIM har handtert investeringar i Russland, og om risikoen for potensielle handlar med selskap og personar som er ilagde sanksjonar. Det er mellom anna stilt spørsmål om korleis NBIM unngår at verdipapira ikkje blir lånte ut til personar/selskap på sanksjonslista, og korleis NBIM unngår at leigetakarar på eigedommane der SPU er eigar, ikkje er personar/selskap på sanksjonslista. Det er òg bedt om status knytt til dei russiske verdipapira i porteføljen.

I rapporten om ansvarleg forvaltning for SPU i 2022 skriv NBIM: «Som følge av internasjonale sanksjoner mot Russland har vi ikke kunnet utøve vår stemmerett i samme grad som tidligere år. For å håndtere balansen mellom det å beskytte våre aksjonærrettigheter og å redusere risikoen for å støtte noe som kan anses å være i strid med sanksjonene, har vi bare stemt på general-

forsamlinger til selskaper som ikke var på sanksjonslisten på tidspunktet for generalforsamlingen.» NBIM orienterer òg i rapporten at depotbanken har bestemt seg for å avvikle visse depottenester som blir tilbydde i Russland, slik at depotbanken etter 1. oktober 2022 ikkje har kunna støtte prosessen for stemmegiving gjennom fullmakt. Det betyr at NBIM etter denne datoen ikkje har kunna stemme på generalforsamlingar i nokon russiske selskap.

INVESTERINGSMANDATET – ENDRINGAR FOR UNOTERT EIGEDOM

Investeringsmandatet til dagleg leiar av NBIM er ei operasjonalisering av Finansdepartementet sitt mandat til Noregs Bank. Det er hovudstyret som fastset mandatet til NBIM-leiaren. Investeringsmandatet inneheld rammer og føresegner for investeringar i unotert eigedom.

Eigedomsforvaltning krev mykje ressursar og personell. NBIM sine avtalar med partnerar for drift og utvikling av eigedom inneheld honorar for utført arbeid. I 2022 bestemte hovudstyret seg for å auke ramma for investeringar i logistikk i den unoterte porteføljen. Avkastingsavhengig honorar, som er basert på den oppnådde meiravkastninga, blir i liten grad nytta. Hovudstyret endra investeringsmandatet slik at beløpsgrensa på 30 millionar USD no gjeld avkastingsavhengige honorar, og slik at totale honorar ikkje er avgrensa i investeringsmandatet.

Hovudstyret vedtok òg å endre investeringsmandatet slik at saminvesteringar med éin enkelt partner i sektoren for logistikkeigedom kan utgjere 1 prosent av SPU-verdien. For andre sektorar beheld ein grensa på 0,5 prosent. Hovudstyret vedtok òg eit unntak i form av ei mellombelse ramme for saminvesteringar med ein av medinvestorane innanfor logistikkeigedom. Det mellombelse unntaket gjeld opptil 1,25 prosent av SPU-verdien. NBIM skal jobbe med å få denne delen under den vedtekne ramma for logistikk, og dette skal rapporterast regelmessig til hovudstyret.

Det er òg tatt inn ei formulering om at der primærårsaka til overskriding av rammer er marknadsrørsler, kan ein ta investeringsavgjerder. Kravet er at verknaden på eksponeringa målt som andel av SPU er ubetydeleg, og at formålet er å verne om finansielle interesser. Dette må ein mellom anna sjå i samanheng med at unotert eigedom er ein mindre likvid aktivaklasse.

Ved behandling av saka var ein i representantskapet særleg oppteken av om vurderinga av risikoen med å binde seg til éin samarbeidspartner no er endra.

Representantskapet tok endringene i hovedstyrets investeringsmandat til leder av NBIM til orientering.

OPPFØLGING AV ARBEIDSAVTALE MELLOM HOVDUSTYRET OG DAGLEG LEIAR AV NBIM

I 2021 fekk representantskapet ei orientering om gjennomførte kontrolltiltak frå hovudstyret for arbeidsavtalen mellom hovudstyret og dagleg leiar av NBIM. Representantskapet vedtok at ein ventar å få ei tilsvarande årleg orientering om gjennomførte kontrolltiltak frå hovudstyret så lenge arbeidsavtalen gjeld.

Som eit ledd i det løpande tilsynet har representantskapet i 2022 fått tilsendt hovudstyret si oppfølging av kontrolltiltaka knytte til arbeidsavtalen med dagleg leiar av NBIM. Hovudstyret orienterte om at GRC (Governance, Risk & Compliance), som er eininga med oppfølgingsansvar for avtalen, formelt har bedt om og fått erklæringar frå dei aktuelle partane. Vidare blir det stadfesta at NBIM verken har kjøpt tenester, inngått avtalar om verdipapirlån eller handla vesentlege aksjepostar av AKO-selskap. NBIMs etterlevingseining har på førespurnad vurdert motpartar og bidratt med råd ved interne vurderingar.

Det blir opplyst at det ikkje har vore saker der dagleg leiar av NBIM har erklært seg inhabil. Den juridiske direktøren har vurdert enkelte førespurnader knytte til forståinga av investeringsrammene og godkjenninga av enkeltbankar for innskot. Den juridiske direktøren har òg oppdatert lister over bankar som dagleg leiar av NBIM kan nytte til bankinnskot i perioden 31. desember 2022 til 30. juni 2023. Det er registrert eitt brot på NBIM sine fastsette reguleringar. Det gjeld eit tilfelle av direkte kommunikasjon mellom dagleg leiar av NBIM og AKO som ikkje var førehandsgodkjent. Etterlevingseininga til NBIM vurderer brotet som ubetydeleg og gjorde greie for det i representantskapsmøtet i februar

Følgjande vedtak blei fatta:

Representantskapet tar hovedstyrets oppfølging av arbeidsavtalen for daglig leder av NBIM til etterretning.

BREV MELLOM FINANSDEPARTEMENTET OG NOREGS BANK

I 2022 har representantskapet fått fleire brev i kopi frå Finansdepartementet. Det er praksis at representantskapet får kopi av korrespondansen mellom Finansdepartementet og Noregs Bank som gjeld SPU-mandatet.¹⁰

Brev er lagde fram som orienteringssaker i representantskapsmøta. Av slike brev i 2022 nemner vi spesielt desse:

- Brev frå Finansdepartementet til Noregs Bank 16. februar 2022 – om endring av referanseindeksen for aksjar. Brevet omtaler endringar i mandatet for SPU som følgjer av at talet på selskap i indeksen skal reduserast med 25 til 30 prosent, og dessutan endring i dei geografiske justeringsfaktorane.
- Brev frå Finansdepartementet til Noregs Bank 27. juni 2022 om endringar i mandatet for SPU og i retningslinjene for observasjon og utestenging. Brevet omtaler forslag til endringar etter Stortinget si behandling av meldinga om Statens pensjonsfond 2022 (Meld. St. 9, 2021–2022).
- Brev frå Finansdepartementet til Noregs Bank 27. juni 2022 om endringar i mandatet for SPU etter tilrådingane i rapporten «Klimarisiko og Oljefondet». Endringane skal bidra til å styrkje og vidareutvikle arbeidet med klimarisiko i SPU.

HANDLINGSPLAN FOR HANDTERING AV KLIMARISIKO FOR PERIODEN 2022–2025

NBIM har utarbeidd ein handlingsplan med den overordna målsetjinga at selskapa som NBIM er investert i, skal ha netto nullutslepp av klimagassar innan 2050, i tråd med Parisavtalen. Planen beskriv korleis NBIM vil bidra til å forbetre marknadsstandardar, gjere porteføljen betre rusta mot klimarisiko og utøve aktivt eigarskapsarbeid i perioden 2022–2025. Planen er basert på internasjonale prinsipp og standardar for måling og rapportering.

Ved behandling av saka var representantskapet særleg opptatt av korleis planen er tenkt å kunne følgjast opp, også på generalforsamlingar.

Representantskapet gjorde følgjande vedtak:

Representantskapet tar handlingsplanen for håndtering av klimarisiko i forvaltningen av Statens pensjonsfond utland for perioden 2022–2025 til orientering.

TILSYN MED NBIMs BRUK AV EKSTERNE TILSYN MED KORLEIS NBIM BRUKER EKSTERNE PORTEFØLJEFORVALTARAR

Representantskapet har behandla eit notat frå sekretariatet som beskriv NBIM-prosessane, styringa av og kontrollen med den eksterne porteføljeforvaltninga.

Det følgjer av mandatet for SPU¹¹ at Noregs Bank kan nytte eksterne forvaltarar og tenesteytarar. Det er over 20 år sidan banken for første gong nytta eksterne forvaltarar, mellom anna for å få erfaring med å forvalte aksjar i internasjonale verdipapirmarknader.

All ekstern forvaltning er gjennom diskresjonære mandat, «separately managed accounts», det vil seie at NBIM-investeringane ikkje blir gjorde gjennom deltaking i eit fond der andre investorar òg er eigarar. Alle egedelar og transaksjonar blir registrerte gjennom depotfunksjonen for SPU, som ligg hos Citibank. Noregs Bank står dermed som eigar av verdipapir som inngår i porteføljen og mandatet.

Det er i vesentleg grad eksterne forvaltarar som handterer fondsinvesteringane i framveksande marknader (emerging markets)¹². I tillegg blir det i hovudsak tildelt landspesifikke mandat i utvikla marknader i Europa og Asia og sektorspesifikke mandat i USA. Eksterne forvaltarar er lokaliserte i alle verdsdelar, til saman i om lag 35 land. Fleire av marknadene der SPU er eksponert, har ulik grad av utfordringar. NBIM investerer i selskap i godkjende marknader, ikkje i land. Det betyr at ein kan investere i selskap i land som er autoritære regime. I framveksande marknader kan NBIM dra nytte av kunnskapen til eksterne forvaltarar som har inngåande kjennskap til marknadene, bransjane og selskapa dei er investerte i. Det er særleg viktig ettersom det kan vere vanskeleg å få relevante selskapsdata i slike marknader.

Som eit ledd i det løpande årlege tilsynet har sekretariatet følgd denne verksemda og besøkt utvalde eksterne forvaltarar. I 2022 har sekretariatet besøkt tre forvaltarar i USA.

I tilsynet er det lagt vekt på at forvaltarane har følgd føresegnene om utkontraktering i internkontrollinstruksen:¹³ «Norges Bank skal sørge for at organisasjonen har tilstrekkelig kompetanse til å håndtere utkontraktert virksomhet. Utkontraktering kan ikke finne sted dersom det vanskelig gjør forsvarlig risikostyring og internkontroll.»

NBIM har fastsett styringsdokument som gjeld for den eksterne forvaltninga. Det bidreg til å klargjere ansvaret og følgje opp den daglege verksemda. Investeringane skal følgje dei etablerte reglane for etisk forvaltning og forventingsdokumenta i SPU.

Val av forvaltarar/land før besøk er basert på tilgjengeleg informasjon frå offentlege kjelder. Datagrunnlaget er sortert og arbeida med slik at analysar gjer det enklare å samanlikne land. Dersom eit land har låg score på til

dømes regelverk og manglande rettar for arbeidstakarar, er det meir sannsynleg at det er ein kandidat for eit tilsynsbesøk. I tillegg blir eigenskapar ved den enkelte forvaltar, som storleik og operasjonelle forhold, vurderte.

Utgangspunktet for årets tilsynsbesøk var å møte nyetablerte mindre forvaltarverksemdar for å sjå om dei har spesielle utfordringar på grunn av storleiken og den relativt korte historikken sin.

Ein del av strategien til NBIM dei siste åra har vore å gjere avtalar med nyetablerte forvaltarar. Erfaringa er at desse forvaltarane ofte er utbrytarar frå større forvaltingsmiljø og derfor har lang erfaring. Dei har ofte òg spesiell kompetanse innanfor éin eller fleire sektorar og vilje til å ta risiko innanfor mandatet. Sektorane teknologi, industri og forbrukarar har i særleg grad vore aktuelle.

Dei tre besøkte forvaltarane er relativt nyetablerte, men leiinga har lang erfaring frå og god innsikt i sektorane som dei følgjer. Honorara som NBIM betaler desse er låge samanlikna med større og meir etablerte forvaltarar. Det gir samla sett eit godt utgangspunkt for å skape meir-avkastning.

Ei ulempe hos små forvaltarar med få tilsette er at det er dagleg leiar som tek mange av avgjerdene. Eigaran i dei tre besøkte selskapa har dominant innverknad (100 prosent eigarskap). Sjølv med etablert internkontroll og arbeidsdeling vil eigaren ha mykje makt. Det kan potensielt medføre at internkontrollen kan bli overstyrt, og det utgjer ein mogleg risiko for at oppfølginga av etterleving og kontroll blir mindre uavhengig. NBIM opplyser at dei har identifisert denne risikoen, og at det er etablert rutinar for å sikre uavhengig oppfølging og kontroll. Gjennom depotbanken kan NBIM på dagleg basis følgje alle disposisjonar i dei eksterne porteføljane og om nødvendig avslutte handelsfullmaktene til forvaltarar på dagen, noko som representerer ei god kontrollramme for eksternforvaltninga.

I undersøkinga er det observert at NBIM har god kontakt med forvaltarane gjennom hyppige besøk og regelmessig oppfølging. Det gir inntrykk av at NBIM har god kontroll med korleis forvaltarane opererer.

Representantskapet gjorde følgjande vedtak:

Representantskapet tar notatet om ekstern forvaltning i Statens pensjonsfond utland til etterretning og ber om at sekretariatets praksis med å gjennomføre årlige besøk hos eksterne forvaltere videreføres.

TILSYNSGJENNOMGANG – KOSTNADSEFFEKTIV KAPITALFORVALTING

Som vedtatt i plan for tilsyn 2022 er det utført ein tilsynsgjennomgang om kostnadseffektiv kapitalforvaltning. Bakgrunnen for undersøkinga er at det er mykje merksemd rundt kostnadene ved å forvalte eit statleg fond som alle nordmenn har eit eigarskap til. Kostnadene ved å forvalte SPU bør ikkje verke urimelege i forhold til oppdraget.

Representantskapet er opptatt av kostnadseffektivitet og utnytting av stordriftsfordelar. Det er hovudstyret sitt ansvar å sørge for effektiv organisering av aktivitetane i Noregs Bank. Det er utfordrande å måle etterleving av eit krav om kostnadseffektivitet. I tilsynsgjennomgangen er det vist til at kostnadene for kapitalforvaltninga er låge målt mot andre kapitalforvaltingsfond.¹⁴ Det er òg sannsynleggjort at forvaltning av aksjeinvesteringar gir stordriftsfordelar for SPU. Det er vidare gjort greie for andre måtar å etterleve kravet om kostnadseffektivitet på gjennom organisering av fellesfunksjonar.

Gjennomgangen viser at det er stor grad av kostnadsmedvit i Noregs Bank.

Gjennomgangen munna ut i tre tilrådingar:

- Det blir tilrådd å endre budsjettreglementet, slik at representantskapet skal få budsjettunderlaget i hende tre veker før representantskapsmøtet i desember, og ikkje to veker (14 dagar) før, slik reglane er no. Det er foreslått at ei slik endring blir gjort gjeldande først frå 2024. Sekretariatet blir samtidig bedt om å gå gjennom budsjettreglementet for å vurdere andre relevante endringar.
- Hovudstyret blir bedt om å gjere greie for statusen på og den vidare oppfølginga av banken sitt arbeid med kostnadseffektivisering og utnytting av stordriftsfordelar, inkludert korleis ein har teke omsyn til forventingar frå representantskapet og Finansdepartementet når det gjeld avgjerder om samanslåing av fellesfunksjonar. Svaret frå hovudstyret bør òg inkludere ei utgreiing med erfaringar frå etableringa av NBA.
- Hovudstyret blir bedt om å gjere greie for tiltaksplanen for implementering av ambisjonar i Strategi 25 når denne er vedteken, og det blir lagt opp til jamleg oppdatering av status og framdrift overfor representantskapet.

Følgjande vedtak blei fatta:

Representantskapet tar vurderingene i tilsynsgjennomgangen om kostnadseffektivitet til etterretning. Representantskapet vedtar foreslåtte endring i budsjettreglementet og at reglementet ellers gjennomgås med tanke på andre relevante endringer. Rapporten oversendes hovudstyret som besvare på anbefalingene som framkommer.

Rapporten er send til hovudstyret. Representantskapet vil behandle vurderingane til hovudstyret og omtale denne nærmare i neste års rapport til Stortinget.

1.6 REPRESENTANTSKAPET SI ROLLE VED VERKSEMD SOM ER TILKNYTT NOREGS BANK

NOREGS BANKS PENSJONSKASSE OG PENSJONSORDNING

Pensjonskassen til Noregs Bank er ei sjølvstendig juridisk eining med eigen rekneskap og årsrekneskap. Verdiane og forpliktingane er fråskilde frå Noregs Bank. Noregs Bank garanterer for sin del av premiereserven til pensjonskassen. Formålet er å yte pensjon til tidlegare tilsette i Noregs Bank eller etterlatne av tidlegare tilsette. Pensjonsordninga følgjer folketrygda og er tilpassa føresegnene i Statens pensjonskasse.

Dei gjeldande vedtektene er opphavleg fastsette av representantskapet. Endringar i vedtektene skal vedtakast av styret i pensjonskassen og leggjast fram til orientering for dei styrande organa i Noregs Bank. Finanstilsynet fører tilsyn med verksemda, og endringar i vedtektene skal godkjennast av Finanstilsynet.

Representantskapet er oppteke av soliditeten til pensjonskassen og av at ein skal oppnå god avkastning på midlane for å bidra til lågare pensjonskostnader for Noregs Bank. Representantskapet blir informert når hovudstyret oppnemner medlemmer til styret, og får årsmelding og årsrekneskap med revisormelding til orientering.

Det er eit eige styre som leier pensjonskassen. Fire av seks styremedlemmer med to varamedlemmer blir oppnemnde av hovudstyret i Noregs Bank. Minst éin av styremedlemmene er ekstern utan tilknytning til pensjonskassen, sentralbanken eller tilslutta selskap. To styremedlemmer med varamedlemmer blir oppnemnde av arbeidstakarorganisasjonane.

Hovudstyret vedtok i 2009 at pensjonsordninga i Noregs Bank skal tilpassast den nye folketrygda etter dei same prinsippa som for Statens pensjonskasse. I tråd med at samordningsreglane for brutto barnepensjon frå offentlege pensjonskassar vil bli avvikla, gav hovudstyret i 2022 tilslutning til at barnepensjonen til banken blir endra frå ei bruttopensjonsordning til ei nettopensjonsordning. Endringane i barnepensjonen til pensjonsordninga gjeld frå 1. januar 2023, med dei same ytingane som i Statens pensjonskasse.

Tilslutninga blei gitt under føresetnad av at representantskapet og styret i pensjonskassen ikkje hadde vesentlege merknader til endringane.

Følgjande vedtak blei fatta:

Representantskapet tok endringen av barnepensjon i Norges Banks pensjonsordning til etterretning.

DIREKTØR N. RYGGS FOND

Direktør N. Ryggs fond blei oppretta ved vedtak i representantskapet i 1954. Fondet arbeider etter egne statuttar. Grunnkapitalen er 200 000 kroner. Formålet er å yte støtte til tilsette og pensjonistar ved behov og etter søknad. Vidare skal fondet bidra til å fremje trivsel gjennom å støtte tiltak som er i dei tilsette og pensjonistane si interesse. Ein kan gi støtte til tiltak som ikkje naturleg fell inn under det ordinære driftsbudsjettet til banken.

Medlemmer til fondsstyret blir oppnemnde av sentralbanksjefen og funksjonærar i sentralbanken. Styret skal kvart år utarbeide rekneskap og årsmelding som blir sende til sentralbanksjefen. Årsrekneskapen skal reviderast av revisoren som representantskapet har valt.

Verksemda er underlagd Lotteri- og stiftelsestilsynet. Forslag frå fondsstyret om endringar i statuttane skal leggjast fram for representantskapet i Noregs Bank før det blir sendt til stiftingsstyret. Ingen saker frå Direktør N. Ryggs fond har vore lagde fram for representantskapet i 2022.

NOREGS BANKS FOND TIL ØKONOMISK FORSKING

Noregs Banks fond til økonomisk forskning er ei stifting som blei oppretta i samband med 150-årsjubileumet i 1966, med ein grunnkapital på 2 millionar kroner. Ved 175-årsjubileumet i 1991 blei grunnkapitalen auka til 6 millionar kroner. Det er sentralbanksjefen som avgjer kvar fondsmidlane skal plasserast. Eigenkapitalen skal

ikkje rørast. Kvart år er det berre fjorårets avkasting som kan nyttast til det som er fondets formål.

Formålet til fondet er å støtte forskning, særleg anvend forskning på det økonomiske området, inkludert utanlandsstudium i samband med spesielle forskingsoppgåver. Midlar kan òg nyttast til å dekkje utgifter i samband med gjesteforelesingar innanfor det økonomiske fagområdet, til påskjøning for prisoppgåver og for deltaking i internasjonale forskingskonferansar.

Fondet blir forvalta av Noregs Bank og har eit styre på fem medlemmer som er oppnemnde av sentralbanksjefen. Tre av styremedlemmene blir oppnemnde etter at det er henta inn forslag frå Universitetet i Oslo, Noregs handelshøgskole og Statistisk sentralbyrå.


Innan utgangen av februar sender styret melding til sentralbanksjefen om fondsverksemda i førre kalenderår. Rekneskapen skal reviderast av revisoren som representantskapet har valt.

I tråd med statuttane skal forslag frå styret om endringar i statuttane leggjast fram for representantskapet før dei blir sende til Lotteri- og stiftelsestilsynet. Saker frå fond til økonomisk forskning har ikkje vore lagde fram for representantskapet i 2022.

PENSIJONISTSTIFTINGA VED HOVUDKONTORET TIL NOREGS BANK

Pensjoniststiftinga blei oppretta av representantskapet i 1988. Vedtektene for stiftinga blei fastsette av representantskapet i 1989 og blei seinare godkjende av Lotteri- og stiftelsestilsynet i 2005. Stiftinga er uavhengig av Noregs Banks administrasjon. Styret er det øvste organet i stiftinga og skal ha fire medlemmer. Tre av dei blir utpeikte av Pensjonistklubben ved Noregs Bank, og éin av dei av dei tilsette i Oslo etter det til kvar tid gjeldande representasjonsreglementet. Representantskapet skal uttale seg ved vedtektsendringar og ved oppretting eller avvikling av stiftinga.

Det er vedtektsbestemt at rekneskapen og årsmeldinga skal sendast til dei organisasjonane som er representerte i styret, representantskapet til Noregs Bank og rekneskapsregisteret i Brønnøysund. Styret vel revisoren til stiftinga. Revisjonsmeldinga blir send til Lotteri- og stiftelsestilsynet. Representantskapet tek årsrekneskapen, meldinga frå styret og revisjonsmeldinga til orientering.



- 1 Instruks om risikostyring og internkontroll i Noregs Bank, fastsett av Finansdepartementet 28. juni 2022, ikrafttreding 1. juli 2022, fastsett med heimel i sentralbanklova § 2-4 femte ledd, § 4- 4 andre ledd, § 4-5 tredje ledd og lov 21. desember 2005 nr. 123 om Statens pensjonsfond § 3 andre ledd, jf. § 10 første ledd
- 2 Instruks om risikostyring og internkontroll i Noregs Bank § 4 (1)
- 3 Sentralbanklova § 2-11 første ledd tredje punktum
- 4 Sentralbanklova § 2-13 (1)
- 5 Sentralbanklova § 4-3 (4)
- 6 Jf. «The 'Four lines of defence model' for financial institutions», tilrådd av Financial Stability Institute i BIS, Bank for International Settlements
- 7 § 3-1, første ledd
- 8 Internkontrollinstruksen § 8 (2)
- 9 Internkontrollinstruksen § 3(2)
- 10 <https://www.regjeringen.no/no/tema/okonomi-og-budsjett/statens-pensjonsfond/eksterne-rapporter-og-brev/id2358366/>
- 11 Mandatet for SPU §§ 1-8 og 2-5
- 12 Ein framveksande marknad er eit land som har enkelte kjenneteikn på ein utvikla marknad, men som ikkje tilfredsstillar standardane for å bli kalla ein utvikla marknad.
- 13 Internkontrollinstruksen § 5 (2)
- 14 Selskapet CEM Benchmarking Inc. (CEM) lagar ein årleg analyse av avkasting og kostnader i SPU-forvaltninga. Analysen blir gjennomført på oppdrag frå Finansdepartementet.

KAPITTEL 2

ÅRSREKNESKAP OG BUDSJETT
FOR NOREGS BANK

Representantskapet skal i den årlege rapporteringa til Stortinget orientere om representantskapet sitt arbeid med å vedta budsjettet til banken og godkjenne wrekneskapen.

At det er representantskapet som vedtek budsjettet, følgjer av sentralbanklova § 4-2: «Representantskapet vedtar Norges Banks budsjett etter forslag fra hovedstyret. Det vedtatte budsjettet meddeles departementet.» *Oppfølginga av hovudstyrerapporteringa om ressursbruk samanlikna med det vedtekne budsjettet er beskrive i kapittelet her.*

Godkjenning av årsrekneskapen er ei anna sentral oppgåve for representantskapet, jf. sentralbanklova § 4-3. Vedtaket om disponering av årsresultat og utviklinga i eigenkapitalen til banken er beskrive nedanfor. Rekneskapsrapporteringa om resultatet av SPU-forvaltninga inngår i årsrekneskapen til Noregs Bank som eigen noteinformasjon og er omtalt.

2.1 ÅRSREKNEskapEN TIL NOREGS BANK

RAMMER FOR UTARBEIDING OG GODKJENNING

Sentralbanklova § 4-3 (2) seier følgjande: «Hovedstyret skal hvert år utarbeide årsberetning og årsregnskap. Årsregnskapet skal godkjennes av representantskapet og sammen med års- og revisjonsberetning sendes departementet og meddeles Stortinget.»

Føresegner om årsrekneskap o.a. for Noregs Bank § 2-1 regulerer òg rekneskapsframlegget: «(1) Norges Bank skal utarbeide årsregnskap og årsberetning etter regnskapslovens bestemmelser med de unntak og tillegg som følger av dette regelverket. Norges Bank skal følge regnskapslovens bestemmelser for store foretak.»

Finansdepartementet har i føresegner om årsrekneskap o.a. for Noregs Bank § 2-2 gitt utvida reglar og fastsett at rekneskapen til Noregs Bank skal utarbeidast i samsvar med internasjonale rekneskapsstandardar. I praksis betyr det at Noregs Bank nyttar den internasjonale rekneskapsstandarden IFRS (International Financial Reporting Standards).

GODKJEND ÅRSREKNEskap FOR 2022

Hovedstyret har utarbeidd årsmelding og årsrekneskap for 2022 med forslag til disponering av årets resultat og lagt dette fram for representantskapet. Disponeringa av årsresultatet til Noregs Bank er regulert av eigne retnings-

linjer for avsetjing og disponering av overskot.¹⁵ Vedtaket om årsrekneskapen omfattar disponering av årets resultat med verknad for eigenkapitalen til Noregs Bank.

Representantskapet sitt vedtak om årsrekneskapen til Noregs Bank i møte 23. februar 2023 er teke inn i årsrapporten til Noregs Bank:

- *Representantskapet tar hovedstyrets årsberetning for 2022 til etterretning.*
- *Representantskapet tar uavhengig revisors beretning og attestasjonsuttalelse om foretakets bærekraftsrapportering til etterretning.*
- *Representantskapet godkjenner Norges Banks årsregnskap for 2022.*
- *Totalresultatet på –11,1 milliarder kroner disponeres i tråd med «Retningslinjer for avsetning og disponering av Norges Banks overskudd» ved at 13,2 milliarder kroner tilbakeføres fra kursreguleringsfondet til resultatregnskapet. Fra årets resultat avsettes 2,1 milliarder kroner til overføringsfondet. Fra overføringsfondet overføres en tredjedel – 8,1 milliarder kroner – til statskassen.*

Kursreguleringsfondet utgjør den bundne eigenkapitalen til banken, og overføringsfondet utgjør grunnlaget for overføring til statskassen. I tillegg til å vise korleis årsresultatet, som samsvarer med vedtak i representantskapet, er blitt disponert, viser Noregs Bank i årsrapporten ei oppstilling over endringar i eigenkapitalen. Sjå òg figur 4 om eigenkapital.

Verdien på kursreguleringsfondet per 31. desember 2022 var 253,3 milliardar kroner. Årets totalresultat skal disponerast til eigenkapitalens kursreguleringsfond inntil dette har nådd 40 prosent av netto valutareservar. Det overskytande beløpet blir disponert til overføringsfondet til eigenkapitalen, som med tilførsel frå årets resultat var 24,3 milliardar kroner. Kvart år blir ein tredjedel av den samla verdien frå overføringsfondet overført til statskassen, og i 2022 blei det overført 8,1 milliardar kroner. Retningslinjene er oppfylte i vedtaket.


Figuren viser korleis resultatet til Noregs Bank er blitt disponert, med effekt for dei to eigenkapitalsfonda og overføringa til statskassen.

FIGUR 4 DISPONERING AV RESULTATET TIL NOREGS BANK

EIGENKAPITAL

– DISPONERING AV RESULTATET TIL NOREGS BANK

- 11 MRD. BLIR DEKT AV KURSREGULERINGSFONDET
- OVERFØRING TIL OVERFØRINGSFONDET: 2 MRD.
- OVERFØRING TIL STATS KasSEN: 8 MRD.
- EIGENKAPITAL ETTER DISPONERING: 270 MRD.



I årsrapporten for 2022 vurderer hovedstyret at egenkapitalen er god nok til å oppfylle formålet til banken, jf. sentralbanklova § 3-11 første ledd:

Egenkapitalen var på 270 milliarder kroner per 31. desember 2022, mot 289 milliarder kroner per 31. desember 2021. Egenkapitalen består av et kursreguleringsfond og et overføringsfond. Ved utgangen av 2022 var kursreguleringsfondet på 253,3 milliarder kroner og overføringsfondet på 16,2 milliarder kroner, mot hhv. 266,5 milliarder kroner og 22,2 milliarder kroner ved utgangen av 2021. Egenkapitalen, eksklusiv SPU-kronkonto, utgjør 35 prosent av balansesummen, mot 34,7 prosent i 2021.

RESULTATET AV FORVALTINGA AV STATENS PENSJONSFOND UTLAND (SPU)

I samsvar med mandatet for SPU plasserer Finansdepartementet SPU som eit innskot i Noregs Bank.¹⁶ Kroneinnskotet til departementet skal vere plassert på ein særskild konto. Noregs Bank skal i eige namn vidareplassere kroneinnskotet i ein portefølje av finansielle instrument, fast eigeidom, infrastruktur for fornybar energi, kontantinnskot og andre eigeidlar og finansielle forpliktingar som banken forvaltar i tråd med mandatet (investeringsporteføljen). Verdien av kronekontoen skal svare til netto bokført verdi av investeringsporteføljen.

Innskotet var 12 429 milliardar kroner per 31. desember 2022. Forvaltingsgodtgjersla frå Finansdepartementet er omtalt i note 13 til årsrekneskapen: «*Totale driftskostnader i Norges Bank* tilknyttet forvaltningen av SPU godtgjøres av Finansdepartementet som oppdragsgiver. Forvaltningsgodtgjøringen tilsvarer faktiske kostnader påløpt i Norges Bank, ekskludert administrasjonsgebyr fakturert særskilt til Norges Banks datterselskaper i Norge, og inkludert avkastningsavhengige honorarer til eksterne forvaltere. Forvaltningsgodtgjøringen utgjorde 5 226 millioner kroner i 2022 og 4 640 millioner kroner i 2021.»

Representantskapet har gjennom året tatt rapportar om avkastning og risiko i SPU som blir behandla av hovudstyret kvart kvartal, til etterretning. Under behandlinga har representantskapet stilt spørsmål mellom anna om korleis Norges Bank Investment Management (NBIM) skal unngå at verdipapira blir lånte ut til personar eller selskap på sanksjonslista.

Rekneskapsrapporteringa om SPU-forvaltninga er ein del av årsrekneskapen til Noregs Bank og blir presentert i detalj i note 20. I tillegg blir det gitt ut ein eigen årsrapport om forvaltninga som er behandla av representantskapet i det same møtet.

FIGUR 5 EKSTERN REVISOR SINE OPPGÅVER I 2022

REVISOROPPGÅVER I 2022
1. Revisjon av årsrekneskapen til Noregs Bank
Fråsegn om rekneskapsrapporteringa for Statens pensjonsfond utland, inkl. halvårsrapportering
2. Attestasjonsoppgåver
1. Statens konsernkonto
2. Statsgjeldsforvaltinga
3. Utvalde delar av berekraftsrapporteringa til Noregs Bank, knytte til klima, klimarisiko og ansvarleg forvalting
4. Uavhengig attestasjonsfråsegn om praktiseringa av godtgjersleordninga for 2021 for sentralbankverksemda
3. Revisjon av pensjonskassen til Noregs Bank
Koordinering med internrevisjonen
1. Regelmessige statusmøte
2. Møte i samband med planlegging og gjennomføring av prosjekt
Dialog med Riksrevisjonen
1. Tre møte i året: oppstartsmøte, statusmøte og oppsummeringsmøte
2. Revisjonsdokumentasjon

Representantskapet har gjort eit særskilt vedtak:

Representantskapet tar Norges Banks årsrapport om forvaltningen av Statens pensjonsfond utland i 2022 inkludert hovedstyrets vurdering av resultatene og revisors beretning til etterretning.

Noregs Banks årsrapport og rekneskap for 2022 og årsrapport 2022 om SPU-forvaltninga er datert 8. februar 2023 og publisert 7. mars 2023. Rapporten om forvaltninga av valutareservane for 4. kvartal 2022 er publisert same dag. Meir informasjon om årsrapportar og resultat er å finne på heimesidene til Noregs Bank.

FRÅSEGN FRÅ EKSTERN REVISOR OM REKNEKAPSRAPPORTERINGA TIL NOREGS BANK

Eit viktig grunnlag når representantskapet skal godkjenne årsrekneskapen og behandlinga av rekneskapsrapporteringa gjennom året, er arbeidet til ekstern revisor. Figur 5 viser kva for oppgåver ekstern revisor har gjennomført i Noregs Bank i 2022.

EY har komme med ei uavhengig revisormelding med fråsegn om revisjonen av rekneskapsrapporteringa til

Noregs Banks årsrekneskap for 2022. Dei har òg komme med ei uavhengig revisormelding med fråsegn om revisjon av rekneskapsrapporteringa for investeringsporteføljen til SPU for 2022, som er ein del av årsrekneskapen til Noregs Bank. Meldingane er adresserte til Noregs Banks representantskap og er utan merknader. Slik konkluderer EY: «Basert på våre revisjonshandlinger har vi ikke avdekket vesentlig feilinformasjon, og vi har til hensikt å avgi en revisjonsberetning uten forbehold eller presiseringer i rapporten.»

Ved representantskapet si behandling av årsrekneskapen til Noregs Bank og rapporteringa om SPU-forvaltninga for 2022 orienterte EY om det utførte revisjonsarbeidet.

Rapporten gjer greie for den gjennomførte revisjonen og for moment som kan vere viktige for rekneskapsrapporteringa. EY har stadfesta objektivitet og uavhengigheit. Dei skriv følgjande: «For å identifisere alle mulige trusler i vurderingen av EYs og revisjonsteamets objektivitet og uavhengighet overfor Norges Bank, er det gjennomført prosedyrer for å sikre at det ikke foreligger forretningsforbindelser i strid med regelverket, og alle teammedlemmer har bekreftet sin uavhengighet.»

Slik lyder vedtaket frå behandlinga:

Representantskapet tar revisjonsrapporten for regnskapsåret 2022 til etterretning.

EY har òg komme med ei fråsegn om forenkla revisorkontroll av delårsrekneskapen for SPU datert 11. august 2022, i samsvar med internasjonal standard 2410 «Forenkla revisorkontroll av ein delårsrekneskap, utført av revisoren som er vald av føretaket». Ved behandling av halvårsrapporten tok representantskapet fråsegna frå EY til etterretning.

Investeringar i fast eigedom og infrastruktur for fornybar energi skjer gjennom dotterselskap som Noregs Bank eig fullt ut, og som utelukkande er etablerte som ein del av investeringsporteføljeforvaltinga. Dotterselskapa blir rekna inn i den reviderte rekneskapsrapporteringa for SPU.

For dotterselskap med eigne valde revisorar kjem ekstern revisor med melding direkte til styret i det enkelte selskapet. Desse blir ikkje behandla av representantskapet. Revisjonshonorar blir belasta det enkelte selskapet direkte.

RETNINGSLINJER FOR TILSYN OG REVISJON I DOTTERSELSKAP

Noregs Bank har etablert dotterselskap som utelukkande utgjer investeringar som ledd i forvaltinga av investeringsporteføljen til SPU. Representantskapet har etablert retningslinjer for tilsynet med selskap som Noregs Bank eig knytte til SPU. I samsvar med retningslinjene blir Noregs Banks eksterne revisor normalt vald til revisor i selskap der banken har innverknad på revisorvalet. I praksis betyr dette at tilnærma alle dotterselskap som har revisjon, byter revisor når Noregs Bank byter revisor.

Dotterselskap utan lovpålagde revisjonskrav kan reviderast samla i samanstilte rekneskapar, og dette er den innførte praksisen for dotterselskapa i USA. Selskap som direkte eig eigedommar eller infrastruktur i fornybar energi, vil alltid vere gjenstand for revisjon.

RAPPORTERING OM BEREKRAFT OG ATTESTASJON FRÅ EY

EY har komme med ei uavhengig attestasjonsfråsegn om berekraftsrapporteringa i Noregs Bank sin årsrapport for 2022.¹⁷ Det er delkapitla som er viste i figur 6, som er grunnlaget for gjennomgangen.

FIGUR 6 DELKAPITTEL I ÅRSRAPPORT, RAPPORTERING OM BEREKRAFT OG ATTESTASJON

- › Arbeid med klimarisiko i Statens pensjonsfond utland
- › Klimarisiko i valutaeservane
- › Ansvarleg forvalting av Statens pensjonsfond utland – marknaden
- › Ansvarleg forvalting av Statens pensjonsfond utland – selskapa
- › Ansvarleg forvalting av Statens pensjonsfond utland – porteføljen
- › Ansvarleg forvalting av valutaeservane
- › Klimapåverknad i drifta til Noregs Bank

I attestasjonsfråsegna blir vedlegget med tilhøyrande delkapittel omtalt som saksforholdet.

I utarbeidinga av berekraftsrapporteringa har Noregs Bank rapportert informasjon med referanse til GRI-standardane (Global Reporting Initiative).¹⁸ I attestasjonsfråsegna blir dette omtalt som kriteria.

Attestasjonsfråsegna som følgjer av vedlegg til årsrapporten, fastslår følgjande:

Basert på utførte handlinger og innhentet bevis kjenner vi ikke til vesentlige endringer som burde gjøres i saksforholdet pr. 31. desember 2022 for perioden fra 1. januar til 31. desember 2022 for at det skal være i henhold til kriteriene.

2.2 BUDSJETTET TIL NOREGS BANK

BUDSJETTMYNDIGHEITA TIL REPRESENTANTSKAPET

Noregs Bank er eit eige rettssubjekt som er eigd av staten. Noregs Bank fastset sitt eige budsjett som ikkje inngår i stortingsbehandlinga av statsbudsjettet.

Representantskapet skal vedta Noregs Bank sitt budsjett etter forslag frå hovudstyret.¹⁹ Hovudstyret har etter denne føresegna plikt til å utarbeide eit budsjett for Noregs Bank som representantskapet kan vedta. Representantskapet godkjenner òg ei budsjetttramme for driftskostnader i operative selskap innanfor eigedomsforvaltinga.

Representantskapet har fastsett eit budsjettreglementet for Noregs Bank med overordna prinsipp for økonomistyring. Hovudstyret har fastsett eit utfyllande økonomi-

reglement med prinsipp for økonomistyring og budsjettprosess.

Budsjettvedtaket til representantskapet inneber ei godkjenning av den samla forventa ressursbruken til Noregs Bank kommande år. Ein ser til at hovudstyret har lagt fram tydelege oversikter som viser forsvarlege økonomiske rammer for varetaking av oppgåver og drift. Det årlege vedtaket omfattar den samla verksemda til Noregs Bank, inkludert SPU-forvaltinga. På overordna nivå skal kriterium og føresetnader for budsjettering vere konsistente for heile verksemda.

RESSURSBRUKEN TIL NOREGS BANK OG OPPFØLGING AV BUDSJETT FOR 2022

Hovudstyret har rapportert i tråd budsjettreglementet både for første halvår 2022 og for heile 2022. Rapporteringa omfattar status målt mot budsjett for dei samla driftsinntektene til Noregs Bank, driftskostnadene og investeringane, i tillegg til omtale av vesentlege avvik. Det er òg gjort kort greie for status på handlingsplanar og måloppnåing med hovudvekt på tiltak med større konsekvensar for budsjettet. Driftsresultatet og investeringane til Noregs Bank er innanfor det vedtekne budsjettet.

I samband med halvårsrapporteringa (per 30.6.) blei det rapportert om høgare lønnsvekst i NBIM enn budsjettet. Lønnsjusteringa blei ikkje send til representantskapet for avgjerd. Grunngevinga var at auken i lønnskostnader i 2022 blei lågare enn han ville ha blitt dersom NBIM hadde rekruttert i tråd med budsjettet. Prognosen viser framleis at talet på tilsette skal auke. På bakgrunn av dette stilte representantskapet spørsmål om korleis lønnsfastsetjinga skjer ved utekontora. Det blei lagt vekt på avveginga mellom lønnsmoderasjon og behovet for tiltak for å rekruttere, utvikle og halde på kompetente leiarar og medarbeidarar. I representantskapet var ein opptatt av å bli orientert om viktige endringar i dei underliggjande premissane for det vedtatte budsjettet gjennom året, og av at ei slik orientering skal gjerast utan unødig opphald. Dette blei òg tatt inn i vedtaket ved behandlinga av halvårsrapporteringa.

For 2022 blei det rapportert om samla driftskostnader i Noregs Bank på 6,4 milliardar kroner. 5,3 milliardar kroner av dette var knytte til SPU-forvaltinga. Dei samla driftskostnadene var 688 millionar kroner lågare enn budsjett. Lågare kostnader er i det mest vesentlege relaterte til SPU-forvaltinga. Honorar til eksterne forvaltarar var lågare enn budsjett, hovudsakleg på grunn av lågare meiravkasting og lågare kapital under ekstern forvaltning enn det som blei lagt til grunn i budsjettet.

Representantskapet gjorde dette vedtaket om behandlinga:

Representantskapet tar rapport om budsjettstatus 2022 til etterretning og anser rapporteringen til å være i tråd med budsjettreglementet. Representantskapet ber hovudstyret fortsatt ha stor oppmerksomhet på kostnadseffektivisering og utnyttelse av stordriftsfordeler.

BEHANDLINGA AV OG VEDTAKET OM BUDSJETTET TIL NOREGS BANK FOR 2023

Representantskapet vedtok hovudstyret sitt forslag til budsjett for Noregs Bank i møte 15. desember 2022.

Representantskapet har behandla budsjettforslaget på ordinær måte. Som ein del av underlaget til budsjettet la hovudstyret fram vedtekne strategiar for Noregs Bank, sentralbankverksemda (SBV) og NBIM for perioden 2023–2025.

Sentralbanksjefen skriv til representantskapet at budsjettforslaget byggjer på vedtatte strategiar, og at det skal støtte samfunnsoppdraga. Ein må sjå kostnadene i samheng med inntektene, og dei må stå i forhold til ambisjonsnivået. Budsjettforslaget for 2023 må særleg sjåast i lys av lønns- og prisveksten, den nye strategien for Noregs Bank – Strategi 25 – og heilårseffektane av tilsetjingane i 2022, i tråd med det vedtatte budsjettet for 2022.

Det er budsjettet for fleire tilsette på mange område. For å nå ambisjonane i Strategi 25 vil NBIM mellom anna auke bemanninga for å sikre nødvendig kapasitet og kvalitet og sikre at ein er robust nok. Under behandlinga av budsjettet for 2023 innleidde bankleiinga før ho svarte på spørsmål frå representantskapet.

Budsjettreglementet stiller krav om at kostnadsutviklinga skal kommenterast i lys av tilgjengelege eksterne samanlikningar. Til dette nyttar banken:

- ei internasjonal samanlikning av årsverk per funksjon i regi av Bank for International Settlements (BIS)
- ei samanlikning av årsverk i nordiske sentralbankar
- ei samanlikning av kostnadene for SPU-forvaltinga som CEM Benchmarking Inc. utarbeider kvart år på oppdrag frå Finansdepartementet

Noregs Bank sitt driftskostnadsbudsjett for 2023 er på 7 798 millionar kroner. Det er 750 millionar kroner, eller 11 prosent, meir enn budsjettet for 2022. Det er særleg

Budsjettvedtaket for 2023:

Representantskapet mottok 1. desember 2022 forslag til budsjett for 2023 fra hovedstyret i Norges Bank. Ny strategi for perioden 2023–2025 er mottatt som en del av underlaget. Representantskapet forstår det slik at ambisjoner uttrykt i strategien gir behov for styrking av enkelte funksjoner i Norges Bank, og at det blant annet øker behovet for flere ansatte og dermed øker driftskostnadene. Representantskapet ønsker å signalisere at en videre vekst i antall ansatte og i driftskostnader i etterfølgende budsjetter og utover det som budsjetteres for 2023, vil kreve særlige redegjørelser og kost/nytte vurderinger. Representantskapet er opptatt av kostnadseffektivitet og utnyttelse av stordriftsfordeler, spesielt i en periode i norsk økonomi som er preget av usikkerhet for mange bedrifter og lønnstakere.

I samsvar med sentralbankloven og budsjettreglementet for Norges Bank har representantskapet behandlet og vedtatt hovedstyrets forslag til budsjett for Norges Bank for 2023.

(TAL I MILLIONAR KRONER)	BUDSJETT 2023
Forvaltningsgodtgjøring SPU	6 531
Andre driftsinntekter	167
Sum driftsinntekter Norges Bank	6 697
Personalkostnader SBV	-476
Øvrige driftskostnader SBV	-497
Av- og nedskrivninger SBV	-23
Personalkostnader NBIM	-1 883
Øvrige driftskostnader NBIM	-2 288
Av- og nedskrivninger NBIM	-26
Honorarer til eksterne forvaltere NBIM	-2 399
Personalkostnader NBA	-362
Øvrig driftskostnader NBA	-243
Av- og nedskrivninger NBA	-86
Eliminering av felleskostnader*	477
Eliminering av felleskostnader allokert fra NBA og SBV til TS/RS	8
Sum driftskostnader Norges Bank	-7 798
Netto driftsresultat Norges Bank	-1 101

* Eliminering består av fordelte kostnader til NBIM, herunder 442 millioner kroner fra sentralbanksjefens ansvarsområde og 34 millioner kroner fra tilsynssekretariatet/representantskapet (TS/RS).

Nye investeringsforslag utgjør samlet 187 millioner kroner. Av dette gjelder 136 millioner oppgraderinger av hovedkontoret på Bankplassen 2. Tidligere vedtatte investeringer utgjør 8 millioner kroner. Representantskapet godkjenner 170 millioner kroner som en budsjetttramme for 2023 for driftskostnader i operative driftsselskaper i Statens pensjonsfond utland.

Representantskapet fastsetter budsjett for tilsyns- og revisjonskostnader i eget vedtak.

Norges Banks samlede budsjett meddeles Finansdepartementet i samsvar med sentralbanklovens § 4-2.

NBIM som medverkar til forskjellen, med ein auke på 715 millionar kroner. Dei totale driftskostnadene for NBIM i budsjett 2023 er 6 597 millionar kroner. Driftskostnadene i NBIM utan faste og variable honorar til eksterne forvaltarar er budsjetterte med 4 200 millionar kroner i 2023. Honorar til eksterne forvaltarar er budsjetterte med til saman 2 399 millionar kroner, der 1 107 millionar er i faste honorar og 1 292 millionar er i avkastingsavhengige honorar. Dei samla budsjetterte driftskostnadene inklusive lønns- og personalkostnader for sentralbankverksemda er 997 millionar kroner, som er 113 millionar kroner, eller 13 prosent, høgare enn budsjett året før.

Lønns- og personalkostnader blir budsjetterte samla til 2 721 millionar kroner i 2023, ein auke på 397 millionar kroner, eller 17 prosent, samanlikna med budsjettet for 2022. Det skriv seg i hovudsak frå fleire tilsette, lønnsvekst og prestasjonsbasert lønn. I budsjettet er det planlagt for 1076 fast tilsette i Noregs Bank ved utgangen av 2023 (291 i sentralbankverksemda, 165 i NBA og 620 i NBIM). Ved utgangen av 2022 hadde Noregs Bank 997 fast tilsette. Det er budsjettert med ein lønnsvekst på 4,6 prosent for tilsette i Oslo, mens det er budsjettert med ein vekst på 5 prosent for tilsette i utlandet.

Noregs Bank legg fram eit budsjettutkast for forvaltninga av SPU i brev til Finansdepartementet og ber om ei ramme til å dekkje forvaltingskostnadene. 2. desember 2022 fekk representantskapet ein kopi av brev om godtgjersle for forvaltninga for 2023 frå Finansdepartementet. Finansdepartementet har fastsett ei maksimal ramme for forvaltingskostnader for 2023 på 6,2 milliardar kroner, utanom avkastingsavhengige honorar til eksterne forvaltarar. Brevet er eit viktig grunnlag for budsjettbehandlinga. Representantskapet legg vekt på at forvaltingskostnadene ikkje må overskride kostnadsramma som departementet har fastsett. Slike overskridingar må Noregs Bank dekkje.

DRIFTSBUDSJETT FOR HEILEIGDE DOTTERSELSKAP I SPU-FORVALTINGA

Etter budsjettreglementet skal budsjett for forvaltingskostnader i dotterselskap som inngår i banken si forvaltning av investeringar i unotert eigedom og unotert infrastruktur for fornybar energi i SPU, leggjast fram for representantskapet. Planar og budsjett for dei heileigde dotterselskapa til banken blir vedtekne av styra i dei enkelte selskapa.

Dei samla driftskostnadene i heileigde operative dotterselskap er budsjetterte med 135 millionar kroner i 2023. For å ta omsyn til uvissa i valutakursane og gi styra i dotterselskapa nødvendig handlingsrom vedtok representantskapet ei ramme på 170 millionar kroner for 2023. Dei samla driftskostnadene i andre heileigde dotterselskap er budsjetterte med 71 millionar kroner i 2023.

Kostnadsramma frå Finansdepartementet inkluderer òg forvaltingskostnader i heileigde dotterselskap. Andre driftskostnader i heileigde dotterselskap knytte til løpande drift, vedlikehald og utvikling av investeringane er ikkje omfatta.

BUDSJETTVEDTAK FOR VERKSEMDA TIL REPRESENTANTSKAPET

I møtet 15. desember vedtok representantskapet òg budsjett for representantskapet, sekretariatet og ekstern revisor. For 2023 utgjer dette til saman 47,5 millionar kroner. Budsjettvedtaket for 2023 og ressursbruken i 2022 er omtalt i kapittel 5.3 i denne rapporten.

15 Fastsett ved kgl.res. 13. desember 2019 med heimel i sentralbanklova § 3-11 andre ledd

16 Mandat for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland § 1-1, jf. lov 21. desember 2005 nr. 123 om Statens pensjonsfond § 2 andre ledd

17 Avgitt i samsvar med ISAE 3000 (revidert) «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», utgitt av International Auditing and Assurance Standards Board

18 <https://www.globalreporting.org/>

19 Sentralbanklova § 4-2

KAPITTEL 3

ANDRE OPPGÅVER INNANFOR
MANDATET TIL
REPRESENTANTSKAPET

Fråsegna representantskapet skal sende til Stortinget, dekkjer krava etter sentralbanklova. Aktivitetar som går utover minimumskrava til rapportering, følgjer av dette kapittelet. I 2022 er det tre saker utanom dei ordinære oppgåvene som har vore viktige: val av tilsettrepresentantar i hovudstyret og to høyringsinnspel til Finansdepartementet.

3.1 VAL AV TILSETTREPRESANTANTAR I HOVDUSTYRET

Det følgjer av sentralbanklova at hovudstyret i Noregs Bank består av sentralbanksjefen, dei to visesentralbanksjefane og seks eksterne styremedlemmer. Sentralbanklova § 2-3 (2) fastset vidare: «To styremedlemmer velges i tillegg av og blant de ansatte til å delta i behandlingen av administrative saker. Valgmåten for disse representantene skal avtales mellom hovedstyret og de ansatte. Ved mangel på avtale fastsetter representantskapet valgmåten.»

Representantskapet gjennomførte i 2020 ein tilsynsgjennomgang av hovudstyret sine rammer for og organisering av styring og kontroll, og kom med denne tilrådinga: «Det er innenfor representantskapets mandat etter sentralbankloven å følge med på avtalen om valgmåten for de ansattvalgte medlemmene av hovedstyret. Hovedstyret har vedtatt en midlertidig valgordning og iverksatt en prosess for å etablere en mer permanent valgmåte for de ansattvalgte medlemmene. Det forventes at hovedstyret orienterer representantskapet om videre beslutninger.»²⁰

I desember 2021 fekk representantskapet eit brev frå hovudstyret i Noregs Bank der det går fram at hovudstyret og organisasjonane til dei tilsette ikkje var blitt einige om valordninga. I tråd med føresegnene i sentralbanklova blei saka send til representantskapet. Representantskapet tok brevet frå hovudstyret til foreløpig orientering og både hovudstyret og dei tillitsvalde blei bedd om å presentere synspunkta sine i kommande møte, før ein eventuelt kunne bestemme seg for valmåde.

I det påfølgjande møtet presenterte hovudstyret og organisasjonane til dei tilsette forslag til ny valordning. Representantskapet vedtok at hovudstyret skulle sende «en beskrivelse av Norges Banks gjeldende holdning til fagforeningene i banken». I tillegg blei sekretariatet bedd om å innhente «en autoritativ vurdering av tolkningen av ordlyden 'av og blant de ansatte' i sentralbanklovens §2-3(2).»

Representantskapet har vurdert at den beste løysinga er at leiinga i banken og fagforeiningane blir einige om ordninga for tilsettrepresentasjonen i hovudstyret. I vedtaket står det vidare: «Ut fra gjeldende holdning til fagforeninger i Norges Bank og den autoritative vurderingen av tolkningen av ordlyden 'av og blant de ansatte' i sentralbanklovens § 2-3 (2), ber representantskapet hovedstyret behandle saken på nytt.»

Eit formelt brev med innhaldet i vedtaket blei sendt til hovudstyret og til Finansdepartementet som utøvande myndigheit for sentralbanklova. Finansdepartementet blei oppmoda om å innhente tolkingsfråsegn frå lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet om sentralbanklova § 2-3 (2). Det blei bedt om ei vurdering av:

1. om den gjeldande ordninga der dei to største fagforeiningane kvar oppnemner ein medlem med varamedlem til hovudstyret, er i tråd med § 2-3 (2)
2. om organisasjonane sitt forslag om at valet skal gjennomførast av og blant tilsette i Noregs Bank som er medlem av kvar av desse foreiningane, og at dei som blir valde må vere medlem i den respektive foreininga, er i tråd med § 2-3 (2), inkludert om andelen organiserte har noko å seie for vurderinga av kva som ligg i omgrepet «av og blant de ansatte»

I svaret opplyser lovavdelinga at ho mellom anna på grunn av arbeidssituasjonen ikkje har høve til å gi noka tolkingsfråsegn i saka. Brevet blei teke til etterretning i representantskapsmøtet i september 2022.

I desember fekk representantskapet svar på spørsmål som var stilt i brev til hovudstyret i Noregs Bank i mars. På spørsmål om kva haldning Noregs Bank har til fagforeiningar, svarer hovudstyret at medarbeidarane i Noregs Bank er den viktigaste ressursen til verksemda, og at hovudstyret legg vekt på å fremje eit arbeidsmiljø der dei tilsette møter kvarandre med respekt, der det er trygt å dele og utfordre, og der det er like moglegheiter for alle. Banken legg til rette for at fagforeiningane kan utøve rollene sine på ein god og formålstenleg måte. Gjennom intranettsidene til banken og ein fast programpost på introduksjonsprogrammet for nyttilsette blir alle medarbeidarar sikra kunnskap om målet med og virket til fagforeiningane. Leiinga i begge verksemdsområda legg vekt på konstruktiv og regelmessig dialog med fagforeiningane og ser kor viktig det er å stadig vidareutvikle relasjonen.

Hovudstyret i banken er tidlegare blitt orientert om at overeinskomstar ikkje er blitt etterlevde på ein tilfredsstillande måte. Etter at den nye sentralbanklova blei

vedteken i 2019, der det blei bestemt at SPU framleis skulle forvaltast av Noregs Bank, vil overeinskomstar gjelde fullt ut også for NBIM-tilsette i Oslo i løpet av 2023. Hovudstyret er nøgd med at det er funne ei løysing på dette.

Sentralbankleiinga har i fungeringsperioden sidan 2020 ikkje vore kjend med forhold som har uttrykt negative haldningar til fagforeningar eller virket deira. Hovudstyret ønskjer å leggje godt til rette for fagforeningsarbeid i Noregs Bank. Samtidig verken kan eller ønskjer hovudstyret å spekulere i korleis organisasjonsgraden vil utvikle seg.

Hovudstyret viser til at representantskapet behandla brev frå departementa i møtet i september, og at det deretter bad hovudstyret og organisasjonane om å bli einige om ei ordning for å velje tilsettrepresentantar til hovudstyret. På bakgrunn av dette har hovudstyret tatt initiativ til ein ny dialog med fagforeningane.

Til slutt bad representantskapet om ei beskriving av kva som ligg i rolla til dei tilsettvalde styremedlemmene, og spurde om hovudstyret på bakgrunn av dei foreslåtte endringane ser for seg endringar i samansetjinga.

Hovudstyret svarer her at sentralbanklova, utover oppnemningsmåten, ikkje skil mellom tilsettrepresentantar og andre medlemmer av hovudstyret. Ein viser likevel til forarbeida i sentralbanklova frå 1985, der det står at tilsettrepresentantane «representerer de ansatte». Sjølv om det heilt sidan 1986 har vore praksis at representantane for dei tilsette har vore oppnemnde av fagforeningane, har hovudstyret no lagt avgjerande vekt på at dei skal veljast «av og blant de ansatte», uavhengig av organisasjonstilhørsle.

Representantskapet gav uttrykk for at svara frå Noregs Bank var klargjerande, og registrerte at det no er dialog mellom hovudstyret og fagforeningane. Representantskapet understreka kor viktig det er at partane blir einige i denne saka. Følgjande vedtak blei fatta:

Representantskapet tar hovudstyrets svar på spørsmål til saken om ansattvalgte medlemmer i hovudstyret til etterretning. Det tas også til etterretning at det pågår en dialog mellom hovudstyret og fagforeningene med det formål å komme til enighet om saken.

3.2 INSTRUKS OM RISIKOSTYRING OG INTERNKONTROLL I NOREGS BANK – HØYRINGSINNSPEL

Då lov 21. juni 2019 nr. 31 om Norges Bank og pengevesenet mv. (sentralbanklova) blei vedteken, blei den då gjeldande forskrifta om risikostyring og internkontroll frå 2009 vidareført. Dette er omtalt i kapittel 1.1. Våren 2022 blei representantskapet invitert til å sende høyringssvar om Finansdepartementet sitt forslag til oppdatert instruks.

I høyringssvaret stilte representantskapet spørsmål ved om instruksen kan vatne ut ansvaret hovudstyret har etter sentralbanklova. Representantskapet stilte òg spørsmål ved om detaljreguleringa i instruksen, med forslaget om ein etterlevingsfunksjon for kvart verksemdsområde, kan svekkje heilskapen i hovudstyret si oppfølging av banken.

I følgjebrevet til ein ny endeleg instruks skriv departementet at instruksen etter deira vurdering ikkje svekkjer evna hovudstyret har til å følgje beste praksis for risikostyring og internkontroll, og at instruksen er lagd opp slik at han tillèt ei dynamisk utvikling. Føresegnene endrar heller ikkje på hovudstyret sitt heilskaplege ansvar for Noregs Bank slik det følgjer av sentralbanklova. Departementet vurderte òg merknaden om to etterlevingsfunksjonar og meiner at dette følgjer av lova sitt system med to daglege leiarar. To etterlevingsfunksjonar vil sikre nok spesialisert kompetanse i desse funksjonane og vil gjere det lettare for hovudstyret å vurdere risiko på tvers av dei to verksemdsområda.

Den nye instruksen tok til å gjelde 1. juli 2022.

3.3 NOU 2022: 12 FONDET I EN BRYTNINGSTID – HØYRINGSINNSPEL

Hausten 2022 oppnemnde Finansdepartementet eit utval som skulle vurdere kva for internasjonale, økonomiske og politiske utviklingstrekk som kunne vere relevante for SPU nokre år fram i tid, og kva dei kunne ha å seie for styring og forvaltning.

Leiaren og nestleiareren i representantskapet blei inviterte til eit møte med utvalet i mai 2022 for å leggje fram representantskapet sine perspektiv, inkludert tankar om korleis sentrale problemstillingar i mandatet for SPU kan påverke representantskapet si evne til å utføre tilsyns-

oppgåvene sine. *NOU 2022: 12 Fondet i en brytningstid blei send på høyring i september 2022.*

Representantskapet sende høyringsinnspillet sitt i desember 2022. Her er ei kort oppsummering av representantskapet sine merknader:

- **Høg og relevant kompetanse er avgjerande framover òg**

Høg og relevant kompetanse i institusjonane, inkludert kompetanse innanfor styring og kontroll av risiko, er avgjerande for at SPU er godt skodd for framtida. Det er viktig å tiltrekke seg dyktige og eigna ressurspersonar mellom anna i Noregs Bank, men vel så viktig er det å vidareutvikle kompetansen til medarbeidarane og bidra til god kunnskapsdeling både internt og mellom institusjonane.

- **For hyppige gjennomgangar av investeringsstrategien vil vere uheldig**

Utvalet si tilråding om hyppige gjennomgangar av investeringsstrategien kan gå utover stabilitet, langsiktigheit og føreseielegheit. Desse omsyna kjem utvalet sjølv inn på, og ein foreslår derfor at gjennomgangane ikkje bør «knyttas for tett til politiske sykler og stortingsvalg der nye politikeres ønske vil kunne medføre en annen investeringsstrategi». Eit slikt forslag må ikkje få utfordre det grunnleggjande utgangspunktet: at ansvaret til ein statsråd ligg fast og at det er Finansdepartementet som til kvar tid fastset investeringsstrategien. Dersom ein vel å følge tirådinga om hyppige gjennomgangar bør Finansdepartementet sørge for at omsynet til stabilitet, langsiktigheit og føreseielegheit blir vareteke framover òg, men på andre måtar og grunnlag enn det utvalet framstiller i utgreiinga.

- **Ein må unngå eit eksternt råd som kompliserer styringsstrukturen for SPU**

Utvalet foreslår å etablere eit eksternt råd som mellom anna kan tilrå tiltak overfor Finansdepartementet i samband med handteringa av risikobiletet til SPU.

Det er noko uklart kva for ein meirverdi dette gir, sett opp mot dagens praksis. Uansett må ein unngå at det blir etablert eit råd som anten direkte eller indirekte tilslører og kompliserer styringsstrukturen for SPU. Kompetansen til å gjere ei god vurdering av risikobiletet til SPU bør først og fremst vere integrert i institusjonane.

- **Eit meir overordna og prinsippbasert mandat kan ha uheldige konsekvensar**

Forslaget om å vurdere eit meir overordna og prinsippbasert mandat kan ha uheldige konsekvensar mellom anna fordi det gir større rom for ulike tolkingar. Eit overordna mandat vil òg gjere det vanskelegare å kontrollere at Noregs Bank etterlever føresegner, regelverk, føringar og standardar. Dei spesifikke delane av mandatet som blir tatt ut, vil ikkje nødvendigvis bli kontrollerte på same måte lenger. Det vil vere uheldig dersom den samla kontrollen og det samla tilsynet med Noregs Bank blir svekt. Ein annan konsekvens kan vere redusert openheit. Dersom saker som i dag blir vurderte og avgjorde av Finansdepartementet blir overførte til hovudstyret gjennom eit meir overordna mandat, kan det blir mindre openheit sidan det er mindre grad av transparens knytt til vurderingane og avgjerdene til hovudstyret – og til etterlevinga.

- **Beredskap bør òg ta høgd for «innlåsingeffektar»**

Russlands angrep på Ukraina har synleggjort ei rekkje vesentlege problemstillingar, inkludert det at dei russiske aksjane i SPU er blitt «innlåste» på grunn av stans i omsetninga / omsynet til sanksjonslista. Ein må på generelt grunnlag vere meir bevisst på slike innlåsingeffektar. Til dømes kan geopolitisk risiko treffe SPU indirekte gjennom sentrale tenester som depotfunksjonar. Det er viktig at også slike hendingar blir grundig behandla og vurderte i samband med beredskapsarbeidet.

KAPITTEL 4

PRIORITERINGAR I DET VIDARE
ARBEIDET

Representantskapet må rapportere til Stortinget kva slags prioritering det har for det vidare arbeidet sitt.

Samfunnsoppdraget og oppgåvene til representantskapet etter sentralbanklova har vore uendra sidan 2010.²¹ I tilsynsarbeidet er det viktig å ha eit langsiktig og heilskapleg perspektiv, men òg nok fleksibilitet til å handtere ulike spørsmål som blir aktualiserte under drøftinga i representantskapet. I tillegg til dei faste og løpande oppgåvene blir vidareutvikling av kontroll- og tilsynsarbeidet og kompetansen om Noregs Bank sine oppgåver prioritert. Representantskapet er opptatt av å vere opne og kommunisere tydeleg, og ønskjer å bidra til at Noregs Bank har eit godt omdømme.

Plandokumentet til representantskapet blei oppdatert i 2022. I den kommande treårsperioden skal desse tre områda prioriterast:

- vidareutvikling av kontroll- og tilsynsarbeidet
- synlegheit og kommunikasjon
- kompetanse

Innanfor desse tre områda blir det kvart år utarbeidd ein tiltaksplan som beskriv konkrete gjeremål med aktivitetar, ansvar og fristar for det kommande året. Gjennom årleg evaluering av arbeidet blir eventuelle forbetringspunkt diskuterte. Møte med sentrale aktørar for verksemda til representantskapet, tydeleg kommunikasjon både internt og eksternt og vidare kompetansebygging i tråd med den vedtekte kompetanseplanen er sentralt for representantskapet i 2023.

I 2022 har alle medlemmene gjennom møte og seminar fått ein brei introduksjon til verksemda til Noregs Bank. Tema for representantskapet sine seminar for 2023 vil bli vurderte ut frå den vedtekte kompetanseplanen og tema for tilsyn.

Prioritering av tilsynsaktiviteten til representantskapet skjer dels på grunnlag av ei risikovurdering, dels ut frå eit mål om at alle delar av drifta i Noregs Bank skal vere omfatta av tilsynet med ei viss grad av regelmessigheit. Representantskapet sitt tilsyn skal gjerast aktuelt mellom anna ved at det blir utøvd på område med endringar i rammevilkåra, ved organisasjonsendringar eller ved større

systemendringar. Representantskapet har i hovudsak eit internt perspektiv med blikket retta mot drifta i Noregs Bank. Ein kan likevel ikkje unngå å bli påverka av verdsbiletet. Vår del av verda gjekk frå ein forholdsvis stabil situasjon til to år med pandemi. Det er framleis etterverknader av pandemien, og det har vore krig i Europa i over eitt år. Det er geopolitisk uvisse og krav om å vere endå meir årvaken i samfunnet generelt. Dette pregar sjølv sagt arbeidet til representantskapet, som må ha god nok kunnskap til å kunne følgje med på at Noregs Bank tek omsyn til dette verdsbiletet i planlegginga og drifta av verksemda. På denne bakgrunnen vil representantskapet ha særleg fokus på eitt hovudtema i 2023: beredskap.

Beredskap som hovudtema for tilsynet i 2023 vil i utgangspunktet famne breitt og omfatte avvikshandtering, motstandsdyktigheit og evne til å gjenopprette aktivitet. Når ein går gjennom rapportering, protokollar, handlingsplanar og aktivitetar, vil ein sjå spesielt etter beskrivingar som er relaterte til dette, i tillegg til vanleg oppfølging. Det må understrekast at alle oppgåver og aktivitetar i banken skal vere ein del av oversikta. Ikkje berre det som har med beredskap ved fysiske hendingar å gjere, men òg kva planar banken har til dømes ved uvanlege hendingar i marknaden. Representantskapet vil gjennom mellom anna seminar innhente kunnskap om internasjonale hendingar, uro og kriser og korleis dette påverkar den internasjonale økonomien, sentralbankverksemd og investeringsverksemd.

For at tilsynet skal vere mest mogleg relevant og aktuelt, legg ein i utgangspunktet opp til å utarbeide korte notat og utgreiingar, gjerne knytte til løpande rapportering frå hovudstyret, framfor å setje i gang langsiktige undersøkingssprossar. Dersom representantskapet meiner at det er behov for ei nærmare utdjuving, kan dette gjerast ved tilsynsgjennomgangar eller formell dialog mellom representantskapet og hovudstyret.

²¹ Ot.prp. nr. 58 (2008–2009) om endringar i den tidlegare sentralbanklova med omsyn til den nye rekneskaps- og revisjonsordninga o.a. og Prop. 101 L (2009–2010) om endringar i den tidlegare sentralbanklova med omsyn til representantskapet si direkte rapportering til Stortinget. Begge endringane er vidareførte i den nye sentralbanklova frå 2020.

KAPITTEL 5

SLIK ORGANISERER NOREGS
BANKS REPRESENTANTSKAP
ARBEIDET SITT

I dette kapittelet gjer representantskapet greie for korleis tilsynet blir organisert. I tillegg blir aktivitetar og ressursbruk for 2022 presenterte. Oppnemninga og samansetjinga av representantskapet følgjer av sentralbanklova § 16. Den same føresegna slår òg fast at representantskapet skal ha eit sekretariat.

5.1 ORGANISERING AV TILSYNET

REPRESENTANTSKAPET

Oppgåvene til representantskapet er regulerte i sentralbanklova § 2-17: «Representantskapet fører tilsyn i samsvar med § 4-1, vedtar budsjett etter § 4-2, godkjenner regnskap etter § 4-3, utpeker revisor etter § 4-4 og fastsetter eventuell valg måte for ansattrepresentanter til hovedstyret etter § 2-3 annet ledd tredje punktum.»

Innanfor ansvarsområdet sitt har representantskapet gitt følgjande rammer for verksemda til Noregs Bank:

- budsjettreglement for Noregs Bank
- reglement for lån til tilsette i Noregs Bank
- retningslinjer for representantskapet sitt tilsynet med selskap som Noregs Bank eig i tilknytning til investeringar i SPU

Desse er direkte knytte til representantskapet sine oppgåver etter sentralbanklova. Det blir ført tilsyn med etterlevinga.

Representantskapet har fastsett tre retningslinjer innanfor organiseringa av eige arbeidsområde:

- forretningsorden for representantskapet
- mandat for den faste komiteen
- instruks for tilsynssekretariatet

Medlemmene er underlagde føresegnene i sentralbanklova § 5-2 om teieplikt. I samsvar med forretningsordnen er det leiaren eller den leiaren peiker ut, som primært uttaler seg offentleg på vegner av representantskapet.

DEN FASTE KOMITEEN

For organiseringa av arbeidet til representantskapet er det regulert i sentralbanklova at det blant medlemmene kan oppnemast utval til å førebu saker for behandling i representantskapet.

Den faste komiteen er eit etablert arbeidsutval med forankring i forretningsordnen og arbeider etter mandatet som representantskapet har fastsett. Den faste komiteen har inga vedtaksmakt på vegner av representantskapet, men har som representantskapsutval rett til innsyn i alle saker som gjeld Noregs Bank.

Det er leiaren og nestleiaren i representantskapet som leier komiteen. Tre andre medlemmer og fem personlege varamedlemmer blei valde for to år i eit konstituerande møte 20. januar 2022. Samansetjinga av komiteen er presentert i kapittel 5.4.

FIGUR 7 REPRESENTANTSKAPET: ORGANISASJON OG RESSURSAR



Leiaren kallar inn til møte så ofte det er ønskeleg, eller når minst to medlemmer krev det. Formålet med møta er å fastsetje saklista, gå gjennom dei framlagde saksdokumenta, fremje ønske om innleiingar til sakene frå Noregs Bank og foreslå vedtak for behandling i representantskapet. Referata frå komitémøta følgjer sakspapira og gir vesentlege drøftingar og utgreiingar.

Sentralbanksjefen kan bli bedd om å vere til stades på møte i den faste komiteen. Hovudstyret eller sentralbanksjefen kan òg be om å få orientere om saker og leggje fram vurderingane sine med sikte på behandlinga i representantskapet før komiteen fremjar innstilling til vedtak.

SEKRETARIATET TIL REPRESENTANTSKAPET

I tråd med sentralbanklova har representantskapet etablert eit sekretariat. «I saker som gjelder de ansatte i sekretariatet, skal representantskapet representere Norges Bank som arbeidsgiver.»²²

Arbeidet til sekretariatet er regulert i forretningsordene til representantskapet og i eigen instruks. I 2022 har sekretariatet hatt sju fast tilsette medarbeidarar under leiing av ein direktør. Det er viktig for representantskapet at sekretariatet har nok kompetanse og ressursar for oppgåvene. Det gjeld både eiga bemanning og moglegheit til å kunne innhente/kjøpe ekstern spisskompetanse ved behov.

Sekretariatet rapporterer direkte til representantskapet og er heilt uavhengig av hovudstyret og administrasjonen i Noregs Bank. Direktøren skal halde representantskapet orientert om vesentlege forhold knytte til arbeidsmiljøet. Dei tilsette i sekretariatet har rett til å vere til stades i representantskapet når administrative saker som gjeld sekretariatet skal behandlast.

Direktøren skal halde representantskapet orientert om arbeidet med vesentlege tilsyns- og kontrolloppgåver og deltek i møta til representantskapet og den faste komiteen. Vidare skal han bistå den faste komiteen med å førebu saker som skal behandlast i representantskapet, og sørgje for rådgiving til representantskapet. Det er etablert praksis at tilsette i sekretariatet er til stades i møta i den faste komiteen og representantskapet for å kunne orientere om fagsaker. Direktøren kan òg ta med eksterne fagpersonar som ekstern revisor eller andre.

Direktøren har myndigheit til å tilsetje og seie opp folk, og til å fastsetje lønns- og arbeidsvilkår innanfor dei rammene som representantskapet har fastsett. Det er

representantskapet som fastset arbeidsavtale, godtgjersle og andre vilkår for stillinga som direktør.

Sekretariatet administrerer og legg til rette for møta til den faste komiteen og representantskapet, seminar og faglege aktivitetar. Andre oppgåver er:

- å utføre tilsyn på vegner av representantskapet
- å bidra til representantskapet si behandling av budsjettet og årsrekneskapen til Noregs Bank
- å vere rådgivings- og utgreiingsressurs for representantskapet
- å førebu saker og assistere i saksbehandlinga til representantskapet
- å hjelpe til når engasjementsavtale med ekstern revisor skal bli inngått, og forvalte denne avtalen
- å leggje til rette for kompetanseutvikling i representantskapet
- å koordinere kontakt med Stortinget, Riksrevisjonen og Finansdepartementet
- å utarbeide utkast til og publisere den vedtatte årlege rapporten til Stortinget

Sekretariatet har møter med Finansdepartementet og Riksrevisjonen for å utveksle informasjon som er av interesse for tilsynet med forvaltninga av SPU. I møta orienterer ein kvarandre om planlagde og gjennomførte tilsyns- og revisjonsaktivitetar.

Rammene for tilsynsarbeidet følgjer av planar og budsjett som er godkjende av representantskapet. Sekretariatet skal ha ei formålstenleg organisering, og ein legg vekt på å utvikle eit sterkt fagmiljø med relevant tverrfagleg kompetanse. Medarbeidarane har solid innsikt i fagområde som samfunnsøkonomi, revisjon, juss, finans, kapitalforvaltning, verksemdsstyring, risikostyring og internkontroll. Eit viktig fundament er god rolleforståing, integritet, objektivitet og tilbørleg aktsemd i gjennomføringa av oppgåver.

Høg kompetanse er nødvendig for å kunne forstå og vurdere sentrale utviklingstrekk innanfor verksemda til Noregs Bank og kva det kan bety for gjennomføringa av tilsynet. Gode faglege nettverk, tilgang til spesialistressursar og hyppig kontakt med sentralbankleiinga og verksemdsområda gir høve til utvikling. I tillegg til å delta på relevante kurs og fagkonferansar arrangerer sekretariatet jamleg møte og faglege seminar. Det blir brukt innleiarar frå ulike fagmiljø, internasjonale kontaktar og verksemdsområda til Noregs Bank.

Dei tilsette i sekretariatet har i 2022 delteke på fleire kompetansehevande tiltak, mellom anna om god praksis i handtering av kontantar, internasjonale standardar for risikostyring og etterleving, IKT-sikkerheit og kapitalforvaltning. Ein følgjer òg med på regelverksendringar og annan informasjon frå til dømes Finansdepartementet, IMF, BIS, Finanstilsynet, Datatilsynet og Nasjonalt tryggingssorgan (NSM). To tilsette har delteke på mastergradseminnet «Governance: risikostyring, compliance og internrevisjon» på BI, 2022/2023.

Kompetanseoppbygginga er svært viktig for tilsynsgjennomgangane og for førebuinga av representantskapsarbeidet. Direktøren kan som eit supplement til sekretariatsressursane innhente ekstern spesialistkompetanse innanfor planar og budsjett som representantskapet har godkjent.

EKSTERN REVISOR FOR NOREGS BANK

For perioden 2022–2027 har representantskapet inngått ein ny engasjementsavtale med Ernst & Young AS (EY). Den tidlegare revisoren, Deloitte AS, avslutta arbeidet med sluttrapporteringa av 2021, som blei behandla av representantskapet 17. mars 2022.

Alle tidlegare juridiske avtalar mellom EY og Noregs Bank er handterte og avvikla, og det er ingen interessekonflikatar i oppdraget. Sekretariatet har løpande kontakt med ekstern revisor og sørgjer for forvaltninga av engasjementsavtalen.

KONTAKT MED RIKSREVISJONEN

I 2010 signerte den dåverande riksrevisoren og representantskapsleiaren retningslinjer for informasjonsutveksling og koordinering av revisjon og tilsyn mellom Riksrevisjonen og Norges Banks representantskap om SPU.²³ Retningslinjene skal vareta kontrollorgana sine roller i eit profesjonelt samarbeid. Sekretariatet bidreg til informasjonsutveksling mellom representantskapet, ekstern revisor og Riksrevisjonen om revisjon og tilsyn med SPU.

Ekstern revisor gir Riksrevisjonen ein grundig gjennomgang av resultatane frå den utførte finansielle revisjonen av SPU som Riksrevisjonen kan bygge på ved revisjon av statsrekneskapan. Vidare blir Riksrevisjonen orientert om tilsynsgjennomgangar og får dessutan innsikt i attestasjonsprosjekt.

5.2 AKTIVITETANE TIL REPRESENTANTSKAPET I 2022

MØTE OG SAKSOMFANG I 2022

Møteplanen blir fastsett på førehand for kvart kalenderår. Tidspunkta og innhaldet er basert på fristar for rapportering i Noregs Bank innanfor ansvarsområda til representantskapet.

I 2022 blei det gjennomført seks representantskapsmøte i tillegg til det konstituerande møtet i januar. Den faste komiteen har hatt seks førebuinga møte. Representantskapet ønskjer å ha fysiske møte, så etter gjenopninga etter pandemirestriksjonane i februar/mars 2022 har møta vore fysiske, men det har vore mogleg å delta digitalt.

For at representantskapet skal vere avgjerdsdyktig, må minst åtte medlemmer delta i møtet, fysisk eller digitalt. Representantskapet har vore avgjerdsdyktig i alle møta i 2022. Tre medlemmer har delteke på tre eller færre møte.


TABELL 1 MEDLEMMER TIL STADES I MØTA

MØTETIDSPUNKT	MEDLEMMER TIL STADES
Februar	13
Mars	12
Juni	12
September	10
November	12
Desember	9

SAKSFORDELINGA I 2022

I 2022 har representantskapet behandla 122 saker. Saker er dokument som representantskapet får til behandling frå hovudstyret, men òg dokument som sekretariatet har utarbeidd på vegner av representantskapet. Representantskapet tek normalt saker til etterretning eller til orientering. Saker som blir tekne til etterretning, er viktige for tilsynet. Vedtaket inneber at representantskapet har behandla saka og tek stilling til saksframlegget. Saker som blir tekne til orientering, er ikkje vesentlege for tilsynet, men gir viktig informasjon. Representantskapet tek ikkje stilling til saksframlegget.

Som det går fram av figur 8, gjaldt 25 prosent av sakene i 2022 representantskapet si eiga verksemd, som møteprotokollar, høyringar, eige budsjett og eigenevaluering.


FIGUR 8 SAKER SOM REPRESENTANTSKAPET HAR BEHANDLA I 2022

Over 30 prosent av sakene som representantskapet behandla, gjaldt heile Noregs Bank eller begge verksemds-områda av felles, overordna karakter, som protokollane frå hovudstyremøta, orienteringar, vurderingar og undersøkingar. Andre saker fordeler seg likt på sentralbankverksemda og kapitalforvaltinga.


Utover omfang av faktiske saker gir figur 8 ingen informasjon om sjølv saksbehandlinga og saksbehandlingstida. Tidsbruken i møta er i stor grad avhengig av kva for saker som blir følgde av ein presentasjon, og til kva saker representantskapet har oppklarande spørsmål. Ei sak som skal takast til etterretning, har normalt lengre saksbehandlingstid enn ei sak som skal takast til orientering. Figur 9 viser ei grov sortering ut frå møtereferat og

protokollar og gir ein indikasjon på tidsbruken til representantskapet i 2022.

Figur 9 indikerer at representantskapet bruker 50 prosent av tida i møta på kapitalforvaltinga, 25 prosent på saker av felles overordna karakter og 15 prosent på sentralbankverksemda. Representantskapet bruker 10 prosent av møtetida på saker som eigne protokollar og planar. Ein type sak der tidsbruk ikkje er målt er «aktuelle saker». Dette er ein fast post i representantskapsmøta der sentralbankleiinga informerer om det viktigaste som har skjedd den siste tida. Ofte blir det orientert om sentralbanktema som pengepolitisk rapport og økonomiske utsikter.

FIGUR 9 FORDELING AV TIDSBruk I MØTE

FIGUR 10 SAKER FORDELTE PÅ TEMA



Som det går fram av figur 10, er 65 prosent av sakene som representantskapet behandla i 2022, knytte til tilsynsaktiviteten. Dette er mellom anna tilsynsprosjekt som er initierte av representantskapet, gjennomgang av protokollane frå hovudstyremøta og fast rapportering frå Noregs Bank om mellom anna etterleving og kontroll.

Informasjonssaker er relevante for å forstå verksemda Norges Bank. Døme på tema er informasjon om økonomiske utsikter, renteutvikling og nytt forventingsdokument frå NBIM, område som ikkje direkte fell inn under representantskapstilsynet.

Budsjett og årsrekneskap er viktige saker der representantskapet har oppgåver etter sentralbanklova. Det er faste årlege saker som budsjettbehandling i desember og behandling av årsrekneskapen i februar.

Andre saker som har teke ein del tid i 2022, er særleg saka om val av tilsettrepresentantar til hovudstyret. Dette er ei sak som har vore oppe til behandling fleire gonger. Representantskapet har òg komme med høyringssvar både til den nye instruksen om risikostyring og internkontroll for Noregs Bank og til NOU 2022: 12. *Fondet i en brytningstid.*

KOMPETANSEUTVIKLING

Medlemmene har som utgangspunkt ein samla brei kompetanse og lang erfaring frå Stortinget, regjeringsarbeid, sentrale delar av norsk samfunnsliv, offentleg forvaltning og næringslivet. Det er eit mål for representantskapet å ta vare på og vidareutvikle kunnskap om den samla verksemda til Noregs Bank og det aktuelle risikobiletet. Planen beskriv moglege kjelder til kunnskap og aktivitetar som orienteringar i møta, seminar og studiebesøk.

Kompetanseplanen inneheld ei oversikt over tema det er relevant for representantskapet å ha god forståing for, og forslag til korleis ein kan opparbeide seg denne kompetansen. Ein vedteken plan skal gjennomførast over fire år, men planen er fleksibel og følgjer utviklinga i samfunnet med omsyn til val av tema.

I 2022 har representantskapet fått informasjon og kunnskap om fleire relevante område:

- I møta i 2022 har sentralbanksjefen løpende gitt representantskapet informasjon om endringar i trussel- og risikobiletet, inkludert korleis Noregs Bank blir påverka av krigen i Ukraina. Dagleg leiar av NBIM har òg orientert om fondet sitt arbeid i den usikre situasjonen. Representantskapet har stilt spørsmål om det auka trusselnivået for cybersikkerheit som følgje av krigen i Ukraina.
- Representantskapet har fått informasjon om den økonomiske situasjonen, om ulike forhold som påverkar inflasjonen, betydinga av energiprisane og forholdet mellom kapitaleigarar og lønnstakarar. Sentralbanksjefen har svart på spørsmål om korleis tilbodssida blir påverka, innanlandsk konsum, produktivitsutvikling, utvikling i reallønn o.a. Det er òg blitt orientert om prosessen rundt budsjett og ny strategi mot 2025 i Noregs Bank. Representantskapet har mellom anna stilt spørsmål om korleis den nye strategien heng saman med den gjeldande strategien, om det er motsetningar i strategiane for verksemdsområda og kva for kompetansebehov ein ser framover.

- Dagleg leiar av NBIM har orientert om aktuelle saker innanfor kapitalforvaltninga, mellom anna om rekruttering, vidareutdanning for tilsette i NBIM og intern og ekstern kommunikasjon.
- På førespurnad frå representantskapet har sentralbankleiinga orientert om mandatet til utvalet som vurderer finanstilsynslova og verksemda til Finanstilsynet. Det blei halde ein presentasjon og svart på spørsmål frå representantskapet, mellom anna om fordelar og ulemper med modellane til den europeiske sentralbanken og Bank of England.
- Det blei arrangert eit seminar medio 2022 der etikk-rådet informerte om arbeidet sitt og organiseringa si. Sentralbankleiinga gav ei oppdatering om arbeidet med klimarisiko og NBIM orienterte om prosessen med å utarbeide forventingsdokument. Operasjonalisering av forventingsdokumenta var òg eit tema. NBIM presenterte dessutan rammeverk og prosessar for marknadsgodkjenning. I eit av møta blei det orientert særskilt om forventingsdokumentet om humankapital. Representantskapet spurde mellom anna om prioritering og kapasitet til å følgje opp forventingsdokumentet og om NBIM kjem med forslag til korleis selskapa bør innrette seg innanfor område som fondet er oppteke av.
- I september besøkte representantskapet NBIM i London. Der blei det orientert om NBIM si internasjonale verksemd generelt og om London-kontoret spesielt. Den geopolitiske situasjonen og korleis han påverkar dei internasjonale marknadene og NBIM blei presentert. Representantskapet fekk òg ein kort introduksjon i unotert eigedom, juridiske strukturar og porteføljestyring.
- På seminaret i London gav ekstern revisor ei orientering om utfordringar og utvikling i eigedomsmarknaden, og om verdsetjing og rekneskapsmessige utfordringar knytte til vurderingar av investeringar i unotert eigedom. Ein del av seminaret var eit besøk hos Bank of England med innlegg om klimaarbeidet og trendar innanfor kontant- og betalingssystemet.
- Ultimo 2022, i eit miniseminar, fekk representantskapet presentert Noregs Bank sitt arbeid med digitale sentralbankpengar og den årlege rapporten «Finansiell stabilitet». Sentralbankleiinga presenterte NOU 2022: 12. *Fondet i en brytningstid*.

For tredje år på rad har studentar ved Noregs handelshøgskole skrive mastergradsoppgåve for representantskapet. Årets oppgåve hadde tittelen «Doing well while doing what?» og er ein empirisk analyse av ekskluderte selskap si avkastning frå SPU mellom 2005 og 2022. Analysen ser på om dei ekskluderte selskapa leverer meiravkastning i tidsperioden. Dette blir undersøkt ved å sjå på selskapa si tilhøyrse til utvikla eller framveksande marknader, ulike tidsperiodar, kva for kriterium for utestenging dei er ekskluderte med bakgrunn i, og sektor-tilhøyrse.

Studentane har vore samlokaliserte med sekretariatet og har fått fagleg støtte og rettleiing. Oppgåva er presentert for representantskapet. Ordninga med å invitere mastergradsstudentar til eit samarbeid blir vidareført, men vil i større grad enn tidlegare år bli ein del av tilsynsarbeidet.

TYDELEG KOMMUNIKASJON OM ARBEIDET TIL REPRESENTANTSKAPET

Representantskapet erfarer at det er stor offentleg interesse for verksemda i Noregs Bank og for korleis tilsynet blir gjennomført. Representantskapet ønsker å praktisere meiroffentlegheit. Openheit blir praktisert innanfor rammene som mellom anna følgjer av sentralbanklova, offentleglova og anna relevant rammeverk for verksemda til Noregs Bank. Dette gjeld òg ved innsynskrav, der kvar sak blir vurdert individuelt. Det finst nokre avgrensingar ved at underliggjande dokument til saker som representantskapet behandlar, ofte er organintern kommunikasjon.

Det er viktig at organa i Noregs Bank har tillit til kvarandre, og derfor er det vesentleg at avdelingane i banken kan utarbeide vurderingar og rapportar til hovudstyret, og at hovudstyret kan vidaresende dokument som er viktige i tilsynet til representantskapet. På bakgrunn av dette blir det gjort ei grundig vurdering før underliggjande saksdokument blir offentleggjorde, ved spørsmål om innsyn.

Godkjende protokollar frå møta blir offentleggjorde på [heimesidene til representantskapet](#). Protokollane viser vedtaka til representantskapet, og spørsmål og vurderingar frå medlemmene under saksbehandling. Protokollane viser òg svar og utgreiingar frå sentralbanksjefen. Merknader gjennom året, hovudstyret si oppfølging av tilsynskommentarar og eventuelle uavklarte spørsmål som skal følgjast opp vidare, er beskrivne i protokollane. Drøftingar i representantskapet og spørsmål til sentralbankleiinga bidreg òg til openheit om Noregs Bank.

Annan informasjon som blir offentleggjort på heimesidene:

- forretningsordenen til representantskapet, annammeverk og plandokument for arbeidet
- attestasjonsfråsegner – dei er sende til Finansdepartementet
- den årlege rapporten til Stortinget (Dokument 9) – som gir eit heilskapleg bilete av oppgåvene til representantskapet, korleis representantskapet vurderer kontrollstrukturen i Noregs Bank og kva tilsynsarbeid som er gjennomført

Den eksterne kommunikasjonen mellom representantskapet og til dømes Finansdepartementet kjem fram i den offentlege journalen til Noregs Bank.

Årstalen til sentralbanksjefen får brei dekning i media og er eit godt bidrag til openheit om Noregs Bank si rådgivar- og informasjonsrolle i samfunnet. Det er tradisjon at representantskapet er til stades ved årstalen.

Leiaren i representantskapet ønskjer tilhøyrarane velkommen på vegner av Noregs Bank og introduserer sentralbanksjefen. Sidan 1986 har talen hatt overskrifta «økonomiske perspektiv». Sentralbanksjefen legg vekt på å ta opp eit breitt spekter av tema som er viktige for økonomien i landet og for vegvala til Noregs Bank.

EVALUERING AV ARBEIDET

Medlemmene i representantskapet evaluerer sitt eige arbeid kvart år. Evalueringa omfattar arbeidsforma til representantskapet, drøftinga i møta og samspelet med sekretariatet, den eksterne revisoren og rådgivarane. Målet er å identifisere område som kan vidareutviklast for å styrkje tilsynsarbeidet og andre oppgåver. Resultatet av undersøkinga, som er anonym, blir drøfta i møte, og leiaren i representantskapet og sekretariatet følgjer opp

dei foreslåtte tiltaka. Sentralbankleiinga er til stades under oppsummeringane. Ved årets evaluering var representantskapet opptekne av at saksdokumenta skal vere på norsk, og at dei blir sende til rett tid. Hovudbiletet for 2022 er at arbeidet i representantskapet har fungert godt.

5.3 RESSURSBRUKEN TIL REPRESENTANTSKAPET I 2022

GODTGJERSLE TIL MEDLEMMENE

Stortinget fastset godtgjersla til representantskapet som eit årleg honorar for oppdraget.²⁴ Godtgjersla blir regulert kvart andre år. Satsane for godtgjersle i 2022 og 2023 går fram av tabell 2.²⁵ Utbetaling av fast honorar i 2022 utgjorde til saman 960 600 kroner, ein auke på 6 prosent frå førre toårsperiode.

Varamedlemmer til den faste komiteen får 4 000 kroner ved oppmøte. I 2022 har det vore eitt oppmøte av varamedlem. Representantskapsmedlemmer eller arbeidsgivaren deira kan få dekt tap i arbeidsinntekt i samband med representantskapsmøte, i tillegg til godtgjersla som Stortinget har fastsett. Arbeidsgivarar kan bli kompenserte med faktiske timesatsar etter statens satsar for verksemdar som opererer med faktureringskrav. Representantskapet har fastsett kriterium for utbetaling.²⁶ I 2022 er det utbetalt slik godtgjersle med 107 400 kroner, mot 147 430 kroner året før.

Den samla godtgjersla til representantskapet i 2022 er med dette 1 072 000 kroner, mot 1 051 430 kroner i 2021.

ANDRE KOSTNADER

Den årlege ressursbruken blir følgd opp mot budsjett som representantskapet har vedteke. Dei totale kostnadene for verksemda til representantskapet i 2022 var 39,4 millionar

TABELL 2 GODTGJERSLE FOR REPRESENTANTSKAPET TIL NOREGS BANK 2022–2023, GJELDANDE FRÅ 1. JANUAR 2022

(BELØP I KRONER)	REPRESENTANTSKAPET	DEN FASTE KOMITEEN	PER MEDLEM	SAMLA HONORAR
Leiar	70 200	105 200	175 400	175 400
Nestleiar	46 800	70 200	117 000	117 000
3 medlemmer i den faste komiteen	35 200	70 200	105 400	316 200
10 medlemmer i representantskapet	35 200		35 200	352 000
Samla honorar 2022				960 600

kroner. Fordelinga av kostnadene er vist i tabell 3 og omfattar sekretariatet, ekstern revisor og bruk av eksterne rådgivarar. Ressursbruken kjem inn under årsrekneskapen til Noregs Bank.

Kostnadene til drift av representantskapet sin organisasjon var samla 4,9 millionar kroner lågare enn budsjettet for 2022. Det kjem mellom anna av betydeleg lågare reisekostnader til møte, inkludert lågare refusjonar for tapt arbeidsforteneste. Det er til saman utbetalt 536 000 kroner til eksterne rådgivingstenester, mellom anna for omsetjing av rapportar og i samband med tilsynsgjennomgangar.

Representantskapet og sekretariatet får administrative ytingar etter behov frå Noregs Bank. Dette er regulert i ein leveranseavtale. Husleige og fordelte felleskostnader blir belasta sekretariatet etter fast pris. Avtalen omfattar bruk av kontor og andre lokale, som kantine- og møtefasilitetar, arkivtenester, datautstyr, støtte frå banken ved anskaffingar, sikkerheit og beredskap og lønns- og personaltenester. Avtalen dekkjer òg utgifter til møtearrangement, reise-sikkerheit, avtale med reisebyrå, o.a. Den sjølvstendige posisjonen sekretariatet og representantskapet har overfor Noregs Bank, blir varetaken gjennom avtalen.

Utbetalt lønn til direktøren for sekretariatet i 2022 var 2 191 596 kroner, mot 2 136 201 kroner i 2021. I tillegg var pensjonskostnader 374 831 kroner, og verdien av andre fordelar (elektronisk kommunikasjon, forsikringar og andre naturalytingar) 9 646 kroner.

Honoraret til ekstern revisor er utbetalt i samsvar med engasjementsavtalen inkludert mva. Kostnader til EY for finansiell revisjon i 2022 er rekneskapsført med 9,5 millionar kroner. Avsluttande revisjonskostnader for Deloitte sitt arbeid med banken sine årsrapportar for 2021 med tilhøyrande revisjonsmeldingar er utbetalt i 2022 med 3,6 millionar kroner.

Deloitte AS har òg fått honorar på 300 000 kroner etter inngåtte avtalar for faste attestasjonsfråsegner knytte til banken si årsrapportering for 2021. Kostnader for eit attestasjonsoppdrag innanfor tilsynet som er utført av EY, utgjør 900 000 kroner.

Kostnadene til drifta av representantskapet inkludert utbetalte honorar for arbeidet til ekstern revisor er omfatta av årsrekneskapen til Noregs Bank og er orientert om i notar til resultatrekneskapen.²⁷

BUDSJETT FOR REPRESENTANTSKAPET I 2023

Representantskapet behandla eige budsjett for 2023 i møte 15. desember 2022. Det vedtekne samla budsjettet for representantskapet, sekretariatet og ekstern revisor er på 47,5 millionar kroner, sjå tabell 3. For representantskapet sine eigne aktivitetar er det budsjettet med 3,75 millionar kroner. Budsjettet omfattar alle godtgjersler, møtekostnader, seminar og studiereiser med reiseutgifter basert på den fastsette møteplanen for 2023. Stortinget har bestemt honoraret til medlemmene for 2022 og 2023. Den samla årlege utbetalinga er budsjettet med 960 600 kroner.²⁸

Budsjettet til sekretariatet på 27,4 millionar kroner er basert på åtte årsverk. Husleige og fordelte felleskostnader frå tenesteleveranseavtalen med Noregs Bank blir vidareført med 7,9 millionar kroner. I samanheng med tilsynsplanen for 2023 er det budsjettet med 2,0 millionar kroner til kjøp av tenester frå ulike eksterne fagmiljø.

Honorar for lovpålagd revisjon i 2023 er budsjettet med 13,3 millionar kroner for revisjon av Noregs Banks årsrekneskap og rekneskapsrapportering første halvår for SPU. Dette er i samsvar med engasjementsavtalen som er inngått med EY. For faste årlege attestasjonsoppdrag og eventuelle gjennomgangar som representantskapet

TABELL 3 DEN SAMLA RESSURSBRUKEN TIL REPRESENTANTSKAPET (BELØP I HEILE TUSEN KRONER)

SAMLA OVERSIKT	BUDSJETT	REKNESKAP	REKNESKAP	REKNESKAP
BELØP I HEILE TUSEN KRONER	2023	2022	2021	2020
Representantskapet	3 751	2 469	1 788	2 459
Sekretariatet	27 412	22 533	22 907	23 602
Lovpålagd revisjon	13 317	13 111	14 807	2 179
Attestasjonsoppdrag	3 000	1 286	1 842	14 638
Totalt	47 480	39 399	41 344	42 878

vedtek som del av tilsynet i 2023, er det budsjettert med 3,0 millionar kroner i ei samla ramme.

5.4 REPRESENTANTSKAPSMEDLEMMENE

Dei 15 representantskapsmedlemmene er valde av Stortinget for fire år.²⁹ Leiaren og nestleiaren, som er utnemnde av Stortinget for perioden 2023–2024, er Julie Brodtkorb og Marianne Aasen.

Oppattnemning av medlemmer kan skje for ein samla periode på åtte år.

Det er representantskapet i 2023 som er ansvarleg for denne rapporten. Medlemmene er presenterte nedanfor. Geografisk er medlemmene busette i seks av fylka i landet.³⁰ Fem av medlemmene, 33 prosent, er kvinner.

DEN FASTE KOMITEEN

Den faste komiteen er eit etablert arbeidsutval med forankring i forretningsordenen og arbeider etter mandatet som representantskapet har fastsett. Det har vore seks møte i den faste komité i 2022. Berre på eitt møte har det delteke ein varamedlem, elles har alle faste medlemmer vore til stades i alle møte.

TABELL 4 MEDLEMMER I REPRESENTANTSKAPET 2023

MEDLEM	OPPNEMND FØRSTE GONG	OPPNEMNINGSPERIODE
Julie Brodtkorb, leiar 2022–2023	2018	2022–2025
Marianne Aasen, nestleiar 2022–2023	2020	2020–2023
Harald Espedal	2020	2020–2023
Mathias Hunskaar Furevik	2022	2022–2025
Gjermund Hagesæter	2018	2022–2025
Line Henriette Holten	2020	2020–2023
Tord Hustveit	2022	2022–2025
Alf Einar Jakobsen	2021	2021–2023
Martin Kolberg	2022	2022–2025
Per Botolf Maurseth	2021	2021–2023
Eli Hovd Prestegården	2021	2021–2023
Tom Henning Slethei	2022	2022–2025
Eirin Kristin Sund	2020	2020–2023
Morten Sjøberg	2018	2022–2025
Lars Bjarne Tvette	2020	2020–2023

TABELL 5 MEDLEMMER I DEN FASTE KOMITEEN

FASTE MEDLEMMER	PERSONLEGE VARAMEDLEMMER
Julie Brodtkorb, leder	Harald Espedal
Marianne Aasen, nestleder	Eirin Kristin Sund
Gjermund Hagesæter	Line Henriette Holten
Martin Kolberg	Mathias Hunskaar Furevik
Morten Sjøberg	Per Botolf Maurseth

PRESENTASJON AV MEDLEMMENE




Julie Brodtkorb, leiar

- Administrerande direktør i Maskinentreprenørenes Forbund
- Tidlegare erfaring mellom anna som statssekretær og stabssjef ved statsministerens kontor, medlem av Oslo bystyre, nærings- og finanspolitisk rådgivar, leiar av Kringkastingsrådet, kommunikasjonssjef i Utfors AS, adm. dir. i JKL Group og konsulent i Geelmuyden Kiese
- Siviløkonom frå Noregs handelshøgskole




Marianne Aasen, nestleiar

- Styreleiar i Nedre Romerike brann og redningsvesen IKS, folkevald i Asker kommune
- Tidlegare erfaring mellom anna som stortingsrepresentant, medlem av finanskomiteen og kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, politisk rådgivar i Kommunal- og regionaldepartementet, informasjonssjef i Europarørsla og journalist, direktør for Simula Learning
- Leidde opptaksutvalet (NOU 2022: 17)
- Cand.polit. frå Universitetet i Oslo



Harald Espedal

- Eigar av investeringsselskapet Espedal & Co og dagleg leiar i Salt Capital AS
- Styreleiar i Retail Office AS, Lyse AS, Sandnes Sparebank og Solstad Offshore ASA, nestleiar i styret for Stavanger konserthus og styremedlem i Aspelin Ramm og Noregs handelshøgskole
- Tidlegare erfaring mellom anna som administrerande direktør i SKAGEN, nestleiar og medlem i styra for Oslo Børs VPS og Oslo Børs, medlem i styret for Den Norske Opera & Ballett, finans- og analysesjef i Sparebank 1 SR-Bank og leiar for rådgivings- og revisjonsfirmaet Arthur Andersen i Stavanger
- Siviløkonom og høgare revisorstudium frå Noregs handelshøgskole




Mathias Hunskaar Furevik

- Analytiker i Sparebanken Vest
- Tilsettvald medlem i generalforsamlinga (representantskapet) i Sparebanken Vest
- Tidlegare erfaring mellom anna som gruppeleiar i Bergen bystyre og medlem av kontrollutvalet i Bergen kommune




Gjermund Hagesæter

- Kommunedirektør i Fitjar kommune
- Tidlegare erfaring mellom anna som stortingsrepresentant, finanspolitisk talsmann, medlem av finanskomiteen, kommunal- og forvaltingskomiteen og kontroll- og konstitusjonskomiteen, statssekretær i Justisdepartementet, fylkestings- og kommune-styremedlem, offiser i Forsvaret, rådmann, nestleiar i styret for Haukeland universitets-sjukehus og medlem av rådet for Nordhordland Kraftlag, samferdsleutvalet i Hordaland og sentralstyret i Europarørsla
- Juridisk embetseksamen frå Universitetet i Bergen og bedriftsøkonom frå Noregs handelshøgskole




Line Henriette Holten

- Generalsekretær i Tekna
- Styreleiar i Det norske Skogselskap
- Tidlegare erfaring mellom anna som stortingsrepresentant, medlem av energi- og miljøkomiteen, helse- og sosialkomiteen og næringskomiteen, Stortingets femte visepresident, politisk rådgivar i Helsedepartementet og i Arbeids- og sosialdepartementet, leiar av offentleg utval, nestleiar i Norsk institutt for bioøkonomi, medlem i Askim bystyre og direktør for samfunnspolitikk i Tekna
- Cand.theol. frå Det teologiske menighetsfakultet



Tord Hustveit

- Samfunnsøkonom i Statkraft
- Tidlegare erfaring mellom anna som leiar av Unge Venstre og medlem av fylkestinget i Akershus
- Mastergrad i samfunnsøkonomi frå Universitetet i Oslo




Alf Einar Jakobsen

- Nestleiar i Stiftelsen Norsk Luftambulans og Digforsk AS
- Tidlegare erfaring mellom anna som møtande vararepresentant i Stortinget, medlem av sosialkomiteen og finanskomiteen, politisk sekretær og statssekretær i Sosialdepartementet, ordførar og kommunepolitkar. Helse- og sosialsjef i Hammerfest, kontorsjef ved sjukepleiarutdanninga ved Høgskolen i Finnmark. Har jobba i institusjon for psykisk utviklingshemma og vore styrar på institusjon for rusmisbrukarar. Styreverv i norsk idrett lokalt og regionalt og i Idrettsforbundet og Noregs olympiske komité. Styre- og leiarverv i petroleumsværksemd
- Studium i administrasjon og leiing, Finnmark distriktshøgskole og etatsopplæring innanfor alkoholistsorga



Martin Arvid Kolberg

- Foredragshaldar om politikk
- Leiar i Buskerud Arbeidarparti
- Tidlegare erfaring mellom anna som stortingsrepresentant, medlem av utanriks- og forsvarskomiteen, leiar av Stortingets kontroll- og konstitusjonskomité, statssekretær ved statsministerens kontor og i Forsvarsdepartementet, partisekretær, sekretariatsleiar av stortingsgruppa til Arbeidarpartiet, medlem av Lier kommunestyre



Per Botolf Maurseth

- Førsteamanuensis på Handelshøgskolen BI
- Tidlegare erfaring mellom anna som statssekretær i Kunnskapsdepartementet, forskar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) og styremedlem i Folketrygdfondet
- Doktorgrad i samfunnsøkonomi frå Universitetet i Oslo



Eli Hovd Prestegården

- Fylkestingspolitiker og komitéleiar i Viken, vertskap på Mårbu seter og fjellstue
- Fylkespolitiker
- Tidlegare erfaring mellom anna som varaordfører og ordfører i Nore og Uvdal kommune, vararepresentant på Stortinget, landsstyrerepresentant i Utmarkskommunenenes sammenlutning og Landssamanslutninga for vasskraftkommunar, dagleg leiar i byggjevareutsal, medarbeidar i bank
- Reiselivsfag frå Wang og organisasjon, leing og pedagogisk assistent frå NKI



Tom Henning Slethei

- Ordfører i Sola kommune
- Sjølvstendig næringsdrivande
- Styreleiar i Jåsund Utviklingsselskap AS, Hummeren Hotell AS, Tananger Leilighetshotell AS, Risavika Handelseiendom AS, Myklebust Butikkeiendom AS, Stadionparken Nærings-eiendom AS, Hestholmen AS og Solakrossen 13 AS
- Tidlegare erfaring mellom anna som varaordfører, leiar i plan- og bygningsråd, styreleiar i Sola Bredbånd og styremedlem i Forus Næringspark AS, Polarcus AS og IVAR IKS
- Diplomøkonom frå Handelshøgskolen BI



Eirin Sund

- Regionleiar i LO
- Styremedlem i Stiftelsen Rogalandsforskning og Maritimt Forum for Stavangerregionen
- Tidlegare erfaring mellom anna som stortingsrepresentant, medlem av finanskomiteen, energi- og miljøkomiteen, kommunal- og forvaltingskomiteen og transport- og kommunikasjonskomiteen og statssekretær i Samferdselsdepartementet, politisk rådgivar i Miljøverndepartementet, varaordfører, fylkesvaraordfører, visepresident i Norges Fotballforbund og dagleg leiar av ein frivilligsentral
- Sjefskurs frå Forsvarets høgskole



Morten Sjøberg

- Direktør for samfunnskontakt i SpareBank 1 Gruppen
- Styremedlem i Oslo Nye Sparebanks Fond
- Tidlegare erfaring mellom anna som statssekretær i Finansdepartementet og forskar i forskingsavdelinga i Statistisk sentralbyrå
- Doktorgrad i samfunnsøkonomi frå Universitetet i Oslo og bachelorgrad i filosofi og økonomi frå London School of Economics



Lars Tvete

- Styreleiar og eigar av LBT Holding AS
- Medlem av fylkestinget i Trøndelag, styremedlem i Borg Forvaltning AS, medlem i Sparebank1 SMN representantskap, styreleiar i stiftinga Pilegrimsgården i Trondheim, styreleiar i Oppdal Næringshus AS, styremedlem i stiftinga Weisenhuset og i Stykjunker Moe og hustrus legat, styremedlem i Thomas Angells Stiftelser
- Tidlegare erfaring mellom anna som vararepresentant på Stortinget, medlem av Trondheim bystyre, administrerande direktør i Basale Eiendomsforvaltning AS, styremedlem i BN kreditt, styreleiar i Trondheim kommunale pensjonskasse
- Møtande varamedlem til representantskapet i Noregs Bank 2016–2019
- Bedriftsøkonom frå Trondheim Økonomiske Høgskole

SEKRETARIATET TIL REPRESENTANTSKAPET



Jan Frode Jakobsen

- Direktør
- Tidlegare erfaring mellom anna som administrerande direktør for Helseforetakenes Pensjonskasse, direktør for bystyrets sekretariat i Oslo kommune, økonomisk rådgivar, sekretariatsleiar, komitésekretær for Stortingets finanskomité, rådgivar i Finansdepartementet og inspektør i Finanstilsynet
- Siviløkonom frå Noregs handelshøgskole og Master of Science, London School of Economics

Randi Ingun Almås	Fagdirektør
Siri Ekestad Bauge	Seniorrådgivar
Lene Finkenhavn	Rådgivar
Peter Hideo Grutle	Seniorrådgivar
Kristian Magnus Langseth	Spesialrådgivar
Anne Gullhagen Larsen	Spesialrådgivar
Mats Leonhard Pedersen	Spesialrådgivar
Lise Taylor	Administrasjonskoordinator

INNHALDET I RAPPORTEN ETTER SENTRALBANKLOVA

Lov om Norges Bank § 4-1 (4)

Representantskapet skal minst én gang årlig legge frem for Stortinget sin uttalelse om tilsynet med Norges Bank. Gjenpart av uttalelsen sendes departementet. Uttalelsen om tilsynet med banken skal minst inneholde

I rapporten for 2021 er temaa i lova omtalte i følgende kapitler:

a) en redegjørelse for hvordan tilsynet med banken har vært organisert	Kapittel 1 Tilsynet med Noregs Bank i 2022 – 1.1 Tilsynsoppdraget, mandat og gjennomføring Kapittel 5 Slik organiserer Noregs Banks representantskap arbeidet sitt
b) en redegjørelse for gjennomførte tilsynsaktiviteter og representantskapets prioriteringer i det videre tilsynsarbeidet	Kapittel 1 Tilsynet med Noregs Bank i 2022 Kapittel 4 Prioriteringar i det vidare arbeidet
c) en redegjørelse for tilsynet med bankens kapitalforvaltning	Kapittel 1 Tilsynet med Noregs Bank i 2022 – 1.5 Tilsyn med forvaltinga av Statens pensjonsfond utland
d) representantskapets vurdering av hovedstyrets styring og kontroll med bankens administrasjon og virksomhet	Samandrag og hovudkonklusjon Kapittel 1 Tilsynet med Noregs Bank i 2022
e) en redegjørelse for representantskapets arbeid med vedtakelse av bankens budsjett og fastsettelse av regnskap	Kapittel 2 Årsrekneskap og budsjett for Noregs Bank
f) eventuelle særlige merknader som tilsynet måtte gi grunnlag for.	Hovudkonklusjon

22 Sentralbanklova § 2-16 (5)

23 Retningslinjene er publiserte på www.norges-bank.no/representantskapet.

24 Sentralbanklova § 2-16 (4)

25 Satsane for representantskapshonorara i 2022 og 2023 blei fastsette av Stortinget 2. desember 2021 i samsvar med Innst. 40 S (2021–2022).

26 Godtgjersle for tap i arbeidsinntekt for representantskapsmedlemmer, fastsett 12. november 2020

27 Sjå Noregs Banks årsrapport og rekneskap 2022, note 12 og 15.

28 Innst. 40 S (2021–2022)

29 Sentralbanklova § 2-16 (1)

30 Gjeldande fylkesinndeling i Noreg per 31.12.2022

Dokument 9 (2022–2023) Rapport til Stortinget for 2022

Utgitt av:

Representantskapet i Norges Bank
Bankplassen 2
Postboks 1179 Sentrum
0107 Oslo
Telefon 22 31 60 00
e-post: representantskapet@norges-bank.no

Publisert:

31. mars 2023
<http://www.norges-bank.no/Representantskapet>
Trykte eksemplarer kan bestilles hos:
Tilsynssekretariatet@norges-bank.no

Nynorsk omsetjing:

Språkverkstaden

Layout og trykk:

Aksell.no

Foto:

Monika Kvaale (omslag, s. 47)
Espen Schive (omslag, s. 43)
Esten Borgos (s. 31)
Sturlason (s. 56–59)



Miljøfyrtårn®



Grønt Punkt Norge

